





Nr 2

2018

69. årgang

Bispevisitas og Bø Kyrkje 150 år



«Den fagre skatten»

«Ta vare på den fagre skatten som er overlatt til deg! La Den Heilage Ande, som bur i oss, hjelpe deg til det». 2. Tim.1,14.

Dette var dei orda presten skreiv i det vesle nytestamentet som eg sjølv fekk ved konfirmasjonen i Hyllestad i 1971. For meg fekk desse orda svært mykje å seie ved livsvalet vidare i ungdomsåra. Dei fekk meg til å tenke på sjølv livsgrunnlaget i livet, og kva vi skal få bygge det på. Det er Jesus; den fagre skatten, handlar om. Skatten er gjeven oss «i Kristus Jesus frå evige tider», skriv Paulus. «Han har frelst oss og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje på grunn av gjerningane våre, men etter sin eigen vilje og nåde... Han har gjort ende på døden og ført udødeleg liv fram i lyset ved evangeliet» (2. Tim, 1, 9-10). På mange måtar summerer desse orda opp for oss kvifor vi har ei kyrkje på jord, og kva oppgåve den har: **Å dele den fagre skatten**, eller **den gode skatten**, som det heiter i bibelomsetjinga no. I dette noko utvida kyrkjebladet markerer vi at i haust er det visitas, og samstundes jubileum for ei av

kyrkjene våre: *Bø kyrkje er 150 år den 29.november*. Den er altså mest like gammal, som kommunen vår slik vi kjenner den i dag (frå 1861). Svært mykje har endra seg på dei åra, og no vert nye grenser diskutert. I kyrkjelyden er det store endringar. Samstundes er det noko grunnleggande med budskapet som står fast, om den fagre skatten, og om «Navnet Jesus»:

«Navnet Jesus blekner aldri, tæres ei av tidens tann. Navnet Jesus det er evig, ingen det utsette kan. Det har bud til unge, gamle skyter stadig friske skudd. Det har evnen til å samle alle sjeler inn til Gud.» (Salmeboka nr.86.1)

No vil mange spørje om dette er så sjølv sagt i dag, med så mange trusretningar og ideologiar? Vel, det er ikkje noko nytt. Det same har det og vorte spurt om før. Det har vore interessant denne sommaren og hausten, å ta fram gamle kyrkjeblad for Hyllestad. I eitt av dei var det sitert desse orda: *«Herrens ord er som diamanter, det slites aldri og tindrer med samme glans til Herrens siste dag.* (sitat Bjørnstjerne

Bjørnson- kyrkjeblad 1940-første kyrkjeblad). Den gamle Bjørnson, som jo hadde mange spørsmål om kyrkje og kristendom, syner ved dette sitatet at det er noko han ser på som står fast i Bibelen; Herrens ord. For meg er det Jesus og hans gjerning for oss dette handlar om først. Så kan mykje godt spire ut av det, og gjeve kvar og ein av oss meining og håp!

Det har vore interessant å lese om mykje godt arbeid og aktivitet som har vore i sokna av lek og lærd. Nokre få sider av eit blad som dette, kan berre formidle små glimt. Sjølv kom eg heimatt til heimkommunen for vel 3 år sidan, og gleder meg over å formidle den fagre skatte til unge og eldre. I kyrkja i Hyllestad i dag, ser vi fram til jubileum og visitas! Vi helsar biskop Halvor og hans følgje hjarteleg velkomne, også tidegare prestar i teneste her! Vi ser fram til rike visitasdagar med noko for unge og eldre. Hjarteleg velkomne både frå bygdene her, og dei som måtte vere utflytte! Det handlar om å sjå attende, men og om å sjå framover: Kva har det å seie å vere kyrkje i Hyllestad i 2018? *Audun Systad*

TV-aksjonen 21. oktober: Mindre åleine saman

TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjon. Gjennom TV-aksjonen i år skal vi skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Pengane som blir samla inn skal skape 700.000 møte mellom menneske.

Noreg er eit samfunn der skilnaden mellom folk aukar. Skilnader som ikkje fyrst og fremst handlar om etnisitet eller religion, kor du kjem frå eller kven du er, men om du er innanfor eller utanfor. Det er mange måtar å vere utanfor på. Frå å mangle ei seng å sove i, til å vere utanfor i arbeidslivet eller sosiale fellesskap. Dette råkar ikkje berre

enkeltpersonar, men gir ringverknader for alle. Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møte som kan redde liv. Ved å opne dørar og legge til rette for at fleire kan møtast, skal vi vise kvifor TV-aksjonen i år er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor, eit nytt fellesskap, ei seng eller ein samtale og slik

bidra til at fleire får sjansen til å oppnå egne mål og draumar.



Dette går pengane til Kom inn for natta – akutte behov

Alle menneske som oppheld seg i byane våre skal få dekkja basisbehov som mat, ei seng å sove i og tilgang til toalett. Kirkens Bymisjon skal etablere fleire akuttovernattingar. Her tilbyr vi dei som treng det aller mest ein turr, trygg og varm stad å sove innandørs. Vi skal også etablere enkle matstasjonar som skal servere minst eitt varmt måltid om dagen til menneske som elles har få stader dei kan kome innandørs og ete varm mat. Vidare skal aksjonsmidlane sikre at fleire byar har eit sanitærtilbod som toalett, dusj og vaskemaskin. Dette er spesielt aktuelt for fattige tilreisande personar.



Kom inn i kvardagslivet – deltaking

Med TV-aksjonen i år skal Kirkens Bymisjon skape ar-

beidsplassar til menneske som av ulike grunnar fell utanfor det ordinære arbeidslivet. Vi ser at mange ønskjer å jobbe, men at krava i det ordinære arbeidslivet blir uoverkommelege. Uansett om rus, psykisk helse eller fråfall i skulen gjer at ein fell utanfor, er dette menneske som lengtar etter å delta. For mange kan det å kome i arbeid bety mindre rus, jamnare døgnrytme og betre livskvalitet. Ved å etablere fleire kafear for folk med ruserfaring eller dårleg psykisk helse, ønskjer vi å bidra til auka livskvalitet for menneske i ein utfordrande livssituasjon. Kafeane skal vere ein stad der alle kan oppleve fellesskap, ete næringsrik mat, få kvile og informasjon om andre delar av hjelpeapparatet. TV-aksjonsmidlane skal også brukast på fritidsaktivitetar og utlån av fritidsutstyr slik at alle born og unge kan delta på minst éin fritidsaktivitet jamleg. Vi ser at mange born ønskjer dette, men korkje har råd eller tilgang. Med TV-aksjonen skal vi opprette fleire utlånsentralar og fritidsaktivitetar for born og unge.

Kom inn i samfunnet – inkludering

Det skal vera mogeleg for alle å ta del i eit inkluderande fellesskap. Kirkens Bymisjon skal skape møte der innvandrarakan ta del i fellesskapet og få vere ein ressurs i sitt eige nærmiljø. Dette skal vi gjere ved å organisere møte på tvers av generasjonar, og møte mellom norske frivillige og innvandrarakan som har vore kort eller lang tid i Noreg. Eit samfunn treng



at fleire møtest, og Kirkens Bymisjon legg til rette for slike møte.

Kirkens Bymisjon ønskjer å organisere fleire møte med innvandrarakan som har budd i Noreg i kort tid, innvandrarakan som har budd ei stund i Noreg, og personar med norsk bakgrunn. Målet er å bli kjende, få eit utvida nettverk, gjere ting saman, praktisere norsk og forstå dei norske samfunnskodane.

Med TV-aksjonen NRK kan vi skape møte på tvers av generasjonar og kulturar. Pensjonistar kan gi leksehjelp og språkopplæring til unge innvandrarakan, som takker for hjelpa med aktivitet, gode måltid og hyggeleg selskap. Slik skapar vi gjensidige møte på nye arenaer. Dersom du er interessert i fleire konkrete tiltak og forklaringar på korleis pengane skal brukast, kan du sjå eit fullstendig oversyn på blimed.no.

Bli med på verdas største dugnad!

Bli bøsseberar, ring 02025 eller gå inn på blimed.no



Konfirmerte:

Øn, 29. april:

Frå v:
Lyder Johan
Bjørnstad, Brede
Offerdal Lien, Live
Steiestøl, Julie Agnete
Nordbo og prest
Audun Systad
(Foto: Kirsten Gravdal
Ryland)



Bø, 6. mai:

Frå v:
Gaute Virkesdal
Bråstad, Øystein Dale
Salbu, Iselin Gjøn
Bøe, Aurora Eikelid,
Ane Avedal, Helene
Bruteig Espeland og
Thea Nydal Espeland.
Det er konfirman-
tane.
(Foto: Mari Dale
Salbu)



Hyllestad, 13. mai:

Bak frå v: Espen
Tonning og Thomas
Vaa Risnes
Framme frå v:
Henriette Støyva, Kari
Bakkebø Tonning,
Emilie Løseth
Høstaker, Ine Kristin
Dale, Alise Dalsøren
Meier og prest Audun
Systad
(Foto: Aslak Åm
Sognnes)



-I natt redda du livet mitt!

-Direkte tilbakemeldinger fra innringerne er kanskje den sterkeste motivasjonen, som for eksempel: I natt har du redda livet mitt. Men også når innringer sier at nå kjennes det lettere. Det er et paradoks at det ofte skal så lite til for å lette et medmenneske sin smerte, bare være til stede som en lytter og samtalepartner.

Odd, 66 år og frivillig i Kirkens SOS.

Et oppriktig ønske om å hjelpe

Felles for de frivillige i Kirkens SOS er at de har et oppriktig ønske om å være til hjelp. De blir inspirert av å bruke fritiden sin til å være et fortrolig medmenneske. Mange opplever at det er både nyttig og fascinerende å erfare hvordan det å være en god samtalepartner kan bidra til å gi håp. I ytterste konsekvens kan en samtale redde liv. Kirkens SOS er en

anonym tjeneste, de frivillige vet ikke hvem de prater med og vet ingen ting om innringer eller innskrivers bakgrunn, kun det som blir fortalt der og da.

De frivillige i Kirkens SOS er like ulike som dem som tar kontakt!

Odd, tidligere rektor og lastebilsjåfør, Jan-Egil, performance kunstner og Per Arne, media og It-mann. Alle er frivillige i Kirkens SOS.

De frivillige i Kirkens SOS er fra mange ulike steder i landet og har svært ulik bakgrunn og interesser. Noen har så vidt passert 20 år og andre nærmer seg 80. Noen er studenter og ønsker å lære mer om å møte mennesker i krise, noen er i full jobb og gir likevel av sin knappe fritid til folk som sliter og andre er ressurssterke pensionister som ønsker å dele av sin livserfaring med andre.

Den største døgnåpne krise-tjenesten i landet

-Jeg trenger noe i livet mitt som er viktig og større enn meg selv. Kommer jeg fra vakt og har hatt en god samtale, så gir det mening til mitt liv.

Per Arne, 52 år og frivillig i Kirkens SOS.

Hvert år besvarer Kirkens SOS nesten 200 000 henvendelser på telefon og internett, men en av tre får ikke svar. Flere frivillige trengs for å kunne fortsette det gode arbeidet og hjelpe enda flere. Kirkens SOS ønsker frivillige av begge kjønn velkomne, og håper stadig på at flere menn kunne tenke seg å bidra. Det er langt flere kvinner enn menn blant de frivillige per dags dato.

Kirkens SOS er landets største døgnåpne krisetjeneste på telefon og internett. Det er nærmere 1000 engasjerte frivillige rundt om i landet som



Odd liker seg godt bak rattet. Foto: Margareta N. Øygarden



Per Arne ivrig Brann supporter og elsker hunder. Han og samboeren har flere gigantiske irske ulvehunder. Foto: Anne Birgitte Larsen

til sammen besvarer alle henvendelser på dagtid, om natten, på hverdager og fridager. Kirkens SOS sin visjon er å gi håp til mennesker i krise og utøve Jesu nestekjærlighet i praksis. Det handler om å være et medmenneske som lytter med respekt og er en god samtalepartner når livet utfordrer. Selvmordstanker er tema i omkring 10 prosent av samtalene på telefon og hele 50 prosent av samtalene på soschat.no.

Det handler aller mest om likeverd og respekt

-Jeg hadde en sterk barnetro som varte til midten av tenårene. Siden har jeg vært søkende og kalte meg buddhist i flere år, men nå anser jeg meg mer som åpen til de store spørsmålene og tror det finnes et større bilde vi bare kan ane eller ha følelsen av. Jeg liker mangfoldet.
Jan-Egil, 37 år og frivillig i Kirkens SOS.

Kirkens SOS stiller ingen spesielle krav til bakgrunn, det er viktig med stort mangfold – like stort som blant dem som tar kontakt. Noen har en sterk

kristen tro og andre stiller seg mer undrende. Vi har også frivillige med andre livssyn enn det kristne. Det aller viktigste er at våre frivillige deler våre felles verdier om frivillighet, åpenhet, tilgjengelighet og anonymitet. De frivillige må også ha avstand til egne kriser og

overskudd til å være en god samtalepartner for andre. Og sist, men ikke minst, er det viktig at alle i Kirkens SOS har respekt for alle typer mennesker uansett sosial eller kulturell bakgrunn, religiøs overbevisning, kjønn eller seksuell legning.

Noe for deg?

Er du nysgjerrig eller ønsker å vite mer om hvordan det er å være frivillig i Kirkens SOS? Ta gjerne kontakt med ditt lokale SOS-senter. Vi er til stede i Troms, Trøndelag, Møre og Romsdal, Rogaland, Agder, Vestfold, Østfold, Telemark, Hedmark og Oppland, Hordaland og Oslo. Ta en titt på våre nettsider <https://www.kirkens-sos.no/om-kirkens-sos/lokale-sentre> og ta gjerne kontakt.

Bli kjent med noen av de frivillige i Kirkens SOS. Vi har spurt dem noen oppriktige spørsmål og har fått ærlige svar tilbake. Les mer om Jan-Egil, Odd og Per Arne.



Jan-Egil er performancekunstner. Foto: Petter Lønningen

Fjøsmesse på Espeland – med Olsokpreg

Ja, det vart det i år og! For andre år på rad møtte det opp ein fin flokk i det gamle sommarfjøset inne på Espeland, som no vert brukt som lagringsplass for båt. Gode lokale krefter sytte for triveleg pynting og god mat! I år fall det saman med Norway Cup-tider, så litt avskaling vart det av den grunn. Når om lag 40 likevel møter fram ei sein kveldsstund på ein laurdag er vi takksame. Liv Kirsten sytte for mylse, så det var flott, takka vere Arnt Inge som hadde levert god mjølk. Teodor Mjell Færestad, 7 år (bilete), tok oppgåva som kyrkjevert på største alvor, så alle vart ønskt skikkeleg velkomne. Laurdag 28.juli, olsokaftan, var altså denne gudstenesta på. Prest Audun brukte tekstane ved olsoktider, og streka under den rike arven vi har med

kristen tru i landet vårt, og gav utfordringar vidare for vår tid. Kirsten og Jostein spela og song, Geir var og med på ein av songane. Sist, men ikkje minst, må nemnast at Sara Solberg Losnegård, hadde med fiolin og spela så vakkert pre- og postludium. Tusen takk! Bøn ved olsok: Nådige Gud, du sende bodberarane dine for å byggja kyrkja i Noreg. Takk for at du kan bruka ufullkomne menneske til å forkynna ordet ditt. Vi bed deg: Lær oss å forvalta evangeliet med truskap, og hjelp oss å møta menneske av ei anna tru med kjærleik og respekt, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den heilage Ande lever og råder, éin sann Gud frå æve til æve.



Kyrkjevert Theodor Mjell Færestad, 7 år





«Fin tur på gamal kyrkjeveg»

- Frå Eidsneset til Hyllestad gamle kyrkjegard

Det kunne ein lese på ei facebook-side etter turen/pilegrimsvandringa 1.mai. Det var om lag 65 som gjekk denne turen frå Åfjorddal gamle skule, via Akse og ned til Hyllestad gamle kyrkjegard, der vi finn nokre av dei eldste steinkrossane i landet vårt. Der var det ei kort gudsteneste med vekt på pilegrismotivet. Enkelte som var med på turen måtte heim, andre kom til, så rundt 65 menneske var på gudstenesta. Gudstenesta var ved Audun Systad, og nokre frå pilegrimsfellesskapet. Turen vart arrangert i Hyllestad avdi «Pilegrimsfellesskapet St. Sunniva» hadde årsmøtet sitt her. Astrid Waage har og ei fartstid i denne samanhengen. Det deltok i underkant av ti utanfrå, men resten av følgjet var lokale folk frå Hyllestad. Sokneprest i Kinn, Knut Magne Nesse, saman med tidlegare sokneprest i Selje, Kari Leine Balog, orienterte om kystpilegrimsleia, som har vekt på reise langs kysten opp til Trondheim. Samstundes er det viktig å synleggjere gamle kyrkjevegar langs leia, der folk ferdast frå bygdene i eldre tider, på denne måten. Kyrkjevegen via Akse er nok eldre enn 1800-talet, då den Trondhjemske Postvei kom. Peder Akse hjalp til med å få rydda veg frå Akse, som gjekk via ein stad kalla «Bjønnsklova», der segna fortel at ein bjørn skal ha drepe ei kvinne som gjekk med barn. Ein finn merket i steinen, med to krossar og ei klo; I grunnen eit synleg bevis på at noko slikt kan ha skjedd, truleg på 1600-talet. Elles vart vegen ned til Hyllestad rydda av Steinar Urnes og Audun Systad. Audun Oppedal gav god orientering om kor den gamle kyrkjevegen til Øvreås hadde gått, og kor ein no kunne merke veg opp forbi Sæsøl. Slik har denne ruta no blitt meir tilgjengeleg.



Seinare kan det vere aktuelt å gå på gammal kyrkjeveg frå Øvreås til Hyllestad. I Hyllestad, med si særmerkte historie med kvernsteinar og steinkrossar, bør dette bli enno meir aktuelt framover.

Kyrkjelydstur i strålande ver til Kvamsøy og Balestrand!

Flottare ver enn det var 2. pinsedag på kyrkjelydstur til Balestrand, kan ein vel knapt ønske seg! I privatbilar drog 23 innover fjorden, med først ein fin liten båttur over sundet til idylliske Kvamsøy kyrkje. Den er bygd omlag 1280, og har vore ei kyrkje og for sjøfarande. Vi vart på ingen måte åleine. Over 100 andre hadde og funne vegen over til kyrkja, både små og store. Prestane Kjetil Netland (Balestrand), Audun Systad (Hyllestad, tidl. Balestrand) og Darren Mc Callig (Senior Chaplain for den anglikanske kyrkja i Norge),

hadde gudstenesta saman. God song fylte kyrkjerommet, og ein fekk høyre om pinseunderet, og om den levande budskapen idag! Ole Agnar Helland, tidl. prest i Hyllestad, fekk god lyd i det gamle trøorgelet. Balestrand songlag deltok med vakker song både ute og inne. Born las tekstar i tillegg til Arnborg frå Balestrand og Anfrid frå Hyllestad. Gerd Jordanger fortalte i etterkant om kyrkja si historie. Etter ein god kyrkjekaffi, gjekk turen inn til sentrum, der Bjørg Bjøberg tok oss med til galleriet sitt, "Det gylne hus", og viste oss

vakre bilete og fortalde frå Balestrand si historie. Vi fekk oppleve det nye reiselivsmuseet med Mary Ann Menes som guide. Interessant! Soknerådsleiar i Balestrand, Helge Ulvestad, leia så samlinga på Kviknes hotell, med over 50 gjestar, den runda av denne innhaldsrike dagen, med ein god middag og dessert! Inger Henny Hestvik takka hjarteleg på vegne av Hyllestad kyrkjelyd. Nokre tok turen innom St. Olafs kyrkje, den engelske kyrkja i Balestrand, bygd i 1897. Den ligg vakkert til i sentrum. Ein kyrkjelydstur som denne gjev meirsmak!



Presentasjon av konfirmantane 2018/2019



Framme frå v:
Emma Kristin
Hellem (Lavik-
konfirmant),
Henrik Øen,
Kaja Isabel
Lavik Wilson,
Jakob Sognnes
Solheim, Marte
Ness,
Bak frå v:
Martha Jean
Kvammen
Johnsen (Lavik-
konfirmant),
Lise-Malene
Boge, Astrid
Eiken Flage,
Jardar Kjos, Lars
Emil Hovland
Siljander, Robin
Avedal Skaar
og Tor-Emil
Thorsnes Solstad

God oppslutning om basaren på Ramsgrø bedehus

Søndag 2.september – på ettermiddagen – var det basar på Ramsgrø bedehus. Det var fullsett, også dette året. Heile 45 personar hadde funne vegen opp i det velhalde huset ved vatnet. Samlinga starta med ein gudstenestedel ved Audun Systad og Erling Akse. Det var teksten om Maria som sette seg ved Jesu føter, og hørde orda hans- i Luk.10,38-42. Så vart og den gamle Orheim- salmen sunge: «Ved Jesu føter ei stille stund». I vår tid med dei mange kanalar, og mykje som fangar vår merksemd, er det viktig med ein stad der vi kan høyre det evige livs ord , og få del i det beste, «den gode skatten». Så var det åresal, og det var mange gevinstar. Nokon vinn meir enn andre, men det var så mange gevinstar at truleg dei



aller fleste fekk gevinst. Basar gjev god stemning, og etter åresalet, var det rikeleg med kaffi og kaker, så ingen trong gå svoltne heim. Til slutt var det trekninga på dei større

gevinstane som var på bok. Reidun, Inger og dei andre gode hjelparane var godt nøgde ned resultatet. Over 21.000 kr kom inn!

Program for Bispevisitas i Hyllestad

27. november – 2. desember 2018

Tysdag 27. okt.

- 11.30-13.15 Stabsmøte m .Lunsj
- 13.30-14.15 Spørjetime 8.-10 kl. ungdomsskulen
- 14.30-14.45 Møte med kyrkjeverje og soknerådsleiar
- 14.45-16.15 Møte med Hyllestad kommune
- 19.00 Kulturkveld Hyllestad kyrkje

Onsdag 28. okt.

- 08.30 Møte med flyktningetenesta, Leirvik Senter
- 10.00 Skulegudsteneste, Hyllestad kyrkje 1.-7-kl.
- 11.30-12.00 Lunsj i Hyllestad kyrkje –prestane i Sunnfjord møter biskopen
- 12.00-12.30 Visjonar og erfaringar ved ombygging og utvida bruk av Hyllestad kyrkje. Kort presentasjon ved soknerådsleiar Jostein Ryland og sokneprest Audun Systad.
- 12.30-13.15 Biskopen samtalar med prestane om korleis ein best kan gjere bruk av kyrkjene framover.
- 13.30-15.00 Besøk i Kvernsteinsparken, og presentasjon av steinkrossane sin bruk i gudsdyrkinga her vest, ved representant for Kvernsteinsparken og sokneprest.
- 15.30 Middag i Sørbøvåg hos Kari og Audun Systad
- 17.45 Møte med soknerådsleiar
- 18.00-21.00 Møte med sokneråd, utval, tilsette og frivillige i Hyllestad

Torsdag 29. okt.

- 09.00-09.45 Samtale med sokneprest
- 10.00-10.30 Adventsstund /samling for barnehagen i Hyllestad kyrkje
- 11.00-12.00 Samling Eiklund omsorgssenter. Andakt m.enkel kaffistund
- 12.30-14.30 Bedriftsbesøk Havyard– omvising, møte m leing og tillitsvalde
- 15.00-16.00 Møte med lærarane Hyllestad skule (og evt. barnehage)
- 18.00 Jubileumsgudsteneste Bø kyrkje m/ glimt frå Jubileumshefte. Solistar. Enkel servering bak i kyrkja.

Søndag 2. des.

- 11.00 Øn kyrkje. Visitasgudsteneste. Korsong. Visitasføredrag. Deltaking av Fjordsong, born- og konfirmantar. Kyrkjekaffi



Foto: Jostein Risa

Bø Kyrkje 150 år

Bø kyrkje – jubileum, transkribering

1. Brev

Ytre Sogns provsti Nr 302/68


Provstiets Berømmelse af Bø Kirkes Indvielse den 1. Søndag i Advent førstkomende har Undertegnede rigtig modtaget og er Betjendtgjørelse derom for Bø og Hyllestads Sogne-Menigheder allerede skeet ligesom den vil blive kundgjort for Øen Sogn tilstundende 24 søndag . Formandskabets Ordfører er ogsaa meddelet dets Fornødnes i Andledning af Indvielsen og de ankommende Præsters Mottagelse. Skjønt ubekjendt med hvor mange Præster der er beordret at assistere, troede jeg dog at burde angives for Ordføreren et Antal af 7 samt at man maatte være belavet paa vanlig(?) de 2 Prosters beværtning fra Fredag Morgen i neste Uge til Tirsdag Eftermiddag i den følgende Uge.

Myklebust Prestgaard

Ærbødigst

J.P. Hveding

November 1868




2. Dagbokregister

NB! «Dagsregister 29-11-68 Hyllestad» inn her NB!
1.te S i Advent Indvies den nye Bø Kirke af Provst I Yttre Sogn Thomas Eriksen. De ved Forretningens assisterende Proster være A. Meyer fra Eivindvig, derGrønner fra Vig, Schjørn fra Balestrand, J.Hveding fra Lindaas, J.P Hveding fra Hyllestad



TEKST PÅ KONVOLUTT
POSTSTEMPLA 24.11.1868
Yttre Sogns Provst
Ladvig

Portofrit
J Hveding (Signatur)





Ei fargerik kyrkje vendt mot framtida

Som biskop er det ei glede for meg å kunne gratulere kyrkjelyden med 150-årsjubileet for Bø kyrkje! Kyrkjesoga på denne plassen er mykje eldre enn kyrkja, her har det vore to kyrkjer tidlegare. Den eldste vart truleg reist før år 1300. I alt som har skjedd gjennom desse åra har folk kome til Guds hus med liva sine, og her har dei funne tru og von. Det er mykje å takka for.

Bø kyrkje ser i det ytre ut som svært mange andre kvitmåla kyrkjer her i landet. Men straks du kjem inn får du auge på eit kyrkjerom som er meir fargerikt enn i noko anna kyrkje eg har vore i. Denne breie fargepaletten vitnar om at kyrkja vil romme heile livets mangfald og alle slags menneske. Det er ein viktig bodskap til alle tider.

Ved eit 150-årsjubileum ser ein gjerne tilbake. Men dette er også ein dag for å sjå framover. Kyrkja vart vigsla på første søndag i advent, ein dag då mange av oss ser framover i forventning. Slik var det sikkert også i 1868. Dei såg fram mot jul, men også mot ei ny tid for kyrkjelyden som hadde fått ei heilt ny kyrkje.

Altartavla vi ser i kyrkja i dag, kom ikkje opp før nokre år seinare, men også den hjelper oss å sjå både tilbake og framover. Vi ser tilbake til hendinga som legg grunnlaget for heile kyrkja, Jesu oppstode og siger over døden; og med det kan vi også sjå fram mot eit liv med den levande

Herren Jesus. Han møter oss kvar dag, og ein dag skal han skapa ein ny himmel og ei ny jord.

Så lat oss samlast så ofte det er råd, til nye møte med kvarandre og med vår Herre her i Bø kyrkje.

Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin



Eit minne

Eg minnest nokre år attende. Det skulle vera gudsteneste i Bø kyrkje julekvelden klokka 15.30. Mor hadde sagt at eg skulle få vera med. Det gledde eg meg til, for eg tykkjer alltid det er gildt å få vera med til kyrkje, og særleg no det var julekvelden.

Då me hadde te middag, var klokka 14.00, og me tok til å førebu oss. Me gjekk med ein gong me var ferdige, for vegen var lang så me måtte gå for om me skulle rekka bussen.

Veret var fint, men litt kaldt, for det hadde kome snø. Ute såg det mest ut som bileta me ser på julekorta. Då me kom til Bø bru, såg me ein bil som stogga. Då me kom nærare, såg me det var presten, Peter Furberg. Me helsa og ynskte kvarandre god jul. Han sa me kunne få fylgja til kyrkje, og det var me glade for. Då me kom ut i vegen, hørde me kyrkjeklokkene ringja fyrste gongen. Bilen stogga ved kyrkjeporten.

I kyrkja var det samla mange folk frå alle gren-der. Benkane var fullsette på bae sider, men me fekk ein sitjeplass likevel. Det var fint å vera i kyrkja ein slik dag. Det var ljøs på altaret, i lyse-kronene og kring veggen. I koret attmed altaret stod eit fint juletre med mange lys.

Då klokkaren hadde lese inngangsbøna, song me: "Eg er så glad kvar julekveld." Då presten var ferdig ved altaret, song me og. Eg trur det var "Eit barn er født i Betlehem." Presten las juleevangeliet frå preikestolen, og me song den kjende høgtidssalmen "I dag er fødd vår Frelsarmann." Så tala presten om Jesusbarnet som var fødd i Betlehem, og om alt som hadde



Lillian Brendsdal (Eikelid) set oss i god julestemning med dette juleminnet som vart prenta i "Jol i Bøfjorden" 1958. Lillian var då 10 år gamal. Her eit sommarbilete av Lillian; mogleg det også er henta frå 1958. Foto: Eigar: Lillian Eikelid

med jula å gjera. Nokre born vart og døypte. Det var gildt å sjå dette. Den fyrste var ein liten gut. Han heitte Atle Hjalmar og var frå Brendsdalen.

Då klokkaren hadde lese utgangsbøna, gudstene-sta til endes, og kyrkjeklokka slo ni slag.

Då me kom ut, var det kaldt og myrkt. Men hel-digvis fekk me fylgja bil til Leirvika. Då me kom heim frå kyrkja, var me både glade og trøytte. Men eg minnest lenge kor gildt det var med kyr-kjegang den kvelden.

Lillian Brendsdal
(Frå Jol i Bøfjorden, 1958)

Jubileumsnemnda for Bø kyrkje 150 år

Frå v.: Håkon Haukøy, Audun Systad, Reidun Skår og Aslak Åm Sognnes. I tillegg er Mari Dale Salbu med, men var ikkje til stades då bile-tet vart teke.

Desse fem vart oppnemnde av sok-nerådet for å planlegge 150-års jubi-leum for Bø kyrkje. Vi er glade for at dette jubileumet fell saman med Bispevisitasen i Hyllestad. Det er med og set ein ekstra spiss på det heile. Dette kyrkjebladet er utvida med ein del jubileumsstoff for Bø-kyrkja. Vonar mange finn



glede og god tidtrøyte i bladet denne gongen. Likeeins vonar vi på fullsett Bø kyrkje på jubile-umsdagen torsdag 29.november kl.18:00.

Kyrkja ho er eit gamalt hus

Bø kyrkje 150 år 29. november 2018

Av Håkon Haukøy

*Som den fyrste grein i
Sogneffjord
finn du Bøfjord rett mot nord.
Dei høge fjell med fure på,
gjer han alltid ven å sjå.*

*Finn du bylgja stor og sjøen
vill,
bar me her ei hamn so still.
Ligg her trygt for storm i ly,
til du kan dra ut på ny.*

*Slik skildrar Halvor Nygaard
Bøfjorden i ein bygdesong og
midt i dette landskapet reiser
Bø kyrkje seg.*

GAMAL KYRKJESTAD

I godt over 600 år har klokkenene frå Bø kyrkje kalla på gamalt og på ung. Den gongen var truleg liene rundt fjorden mindre grønkledde av skog, haug og hammar lettare å sjå, og åker, eng og nybrot meir dominerande frå strandsona og oppover mot åskammen både på nord- og sørsida av fjorden, men kyrkja har alltid lagt der, lett å få auga på, på Kyrkjeneset på garden Ytre Bø på nordsida av Bøfjorden. Og dit stemde folket, i glede og sorg, til høgtid og fest, enten dei kom Bøfjorden opp seglande eller roande i båt frå Brensdalen eller Rutle, eller runda Øykjeneset, eller la frå land ein kyrkjesundag på Heggebøen eller Bråstad, eller fann vegen fram på stiar over tuer og toppar, eller på skrale vegstubbar langs skogkant og strand. I Sogeskrift frå 2016 skriv Johan Hagen om kyrkjeveg på kronglete stiar for dei som budde på Løland og Espeland. Det var ei reise som tok både tid og krefter.



Den gamle kyrkjedøra frå 1594.

KYRKJE NUMMER TRE

No har ikkje Bø kyrkje alltid vore "like eins å sjå". Den første utgåva av gudshuset, i tida før reformasjonen, var truleg ei lita tjørebreidd stavkyrkje med tilhøyrande kyrkjegard. Soknet hadde eigen prest, og prestegarden låg i Ytre Bø, og presten her hadde også Rutle kyrkje på Kyrkjeøya i Gulen i sitt tenestområde. Frå 1809 vart Bø-sokna tilhøyrande Lavik prestegjeld og den lokale kyrkjesoga er meir kjend og nøyaktig. Her i fjorden som mange andre stader, finst det segn og soger om korleis den rette kyrkjetomta vart bestemt. Både Rutle og Bråstad vart sterkt aktuelle byggplassar, men når sviller og plankar ein morgon låg i Ytre Bø, var det eit teikn sterkt nok; her skulle kyrkja byggjast! Folk spøkte ikkje med høgare makter.

Gjennom dei mange hundreår kyrkja har stått i Ytre Bø, har det sjølvstekt skjedd endringar i lokalsamfunnet. Folketalet har gått opp og ned, likeeins dei økonomiske tilhøva og ansvar- og eigartilhøve til kyrkja. Faktisk var Bø kyrkje i privat

eige heilt frå 1725 til 1859.

Desse skifta har sjølvstekt hatt innverknad på kyrkjebygget i Bøfjorden. Reformasjonen og aukande folketal gjorde at i 1603 vart den gamle stavkyrkja erstatta av ei ny kyrkje i Ytre Bø. Frå ei synfaring i 1686 er bygget omtala som "en smukk liten tømmerbygning med taarn". Noko stort gudshus var heller ikkje dette, "mest som et stort sturom..... bordklædd og tjærebreidd..... hadde pan-netak ... og paa spiret en forgyldt hane". Innvendig var kyrkja heller "kvardagsleg": "...stolstaderne var uten dører og bokbrett. De var høvlede, men særskilte prydelser mindes ikke. Alt var umalt. Der var intet galleri, ingen ovner."

NY KYRKJE I 1868

Fullt så fager framstod nok ikkje kyrkja i 1868 då ho vart riven og seld. Då Hyllestad vart eigen kommune i 1861, var alle soknekyrkjene i bedrøveleg stand, "brøstfeldige" som det då vart kalla. Ved Bø kyrkje var her tydelege teikn på manglande vedlikehald med påfølgjande forfall. Alt av tømmer og inven-

tar vart auksjonert vekk, berre nokre småting vart verande att. Men soknet måtte ha ny kyrkje, og på vel eit tiår fekk både Bø, Hyllestad og Øn nye kyrkjer; Bø i 1868, Øn i 1870 og Hyllestad i 1880. Denne satsinga på kyrkjebygg i den nyskipa Hyllestad kommune, frå 1861, har nok mange årsaker, men det signaliserer tydeleg den sterke stillinga kyrkja og kristendommen har i samfunnet på denne tida.

Bø kyrkje var innvigd 1. sundag i advent, 29. november, 1868, og det er denne kyrkja vi kjenner så godt, som bøfjordingar, som buande i soknet og kommunen, som gjester eller som tilfeldig tilreisande og forbipasserande. Vakkert ligg kyrkja med kyrkjegard til med tindar og toppar på sørsida av Sognefjorden som bakteppe. Om sommaren omkransa av grønne bakkar og lauvrike tre, om vinteren harmonisk stille under snødyna, men lyssett som gjer bygget til eit midtpunkt i grenda.

KYRKJE I KLASSISK UTFORMING

Kyrkja er kvitmåla og har klassisk form: firkanta tårnfot med våpenhus, som går over i ein mindre firkanta tårnhals og heilt øvst spir med kule, hane og kors.



Trappa framfor kyrkja vart i 1990-1991 lagd om slik at den fungerer som rullestolinngang. På hella i midten er innhogge «MDK 1798»



På helle nr.3 frå døra er innhogge: «NILS LASESON ANO MDCCLXIX» (Nils Laseson Ano 1769)



Byggmeister var John Alver som også bygde Hyllestad kyrkje og Hyllestad prestegard. No

På hella framfor døra er innhogge

«AES KOD 1736»

var nok ikkje byggmeisteren åleine på Kyrkjeneset i Bø dei hektiske sommarmånadene i 1868 til vigslinga seinhaustes same året. Her var nok trong for dugande bygningsfolk og flittige hender både inne og ute, men dei kunne det ikkje vere så vanskeleg å finne viss ein kjenner til kva Ole Elias Holck skreiv om

”Om Almuens Caracteer, Evner og Moralitet”

”Seer man hen til deres naturlige Anlæg og Evner næsten til alt slags Haandarbeide og



Trappa framfor kyrkja vart i 1990-1991 lagd om slik at den fungerer som rullestolinnngang. På ei av hellene skal vera innhogge «MDK 1798»

at de selv forfærdige deres Smediearbeide, Skomager-Arbeide, Gaardsredskaber m.m., uden Hielp af egentlige Haandværkere, saa leder dette til den Formodning: at de især skulle være skikkede til Fabrik og Haandværksarbeide. Deres Duelighed til, saaledes at forfærdige deres Nødvendigheder, er saa almindelig: at Den som mangler denne Ferdighed gives Navnet Træenæve!"

Rett nok var dette skrive midt på 1830-talet, men kunnskap og tradisjonar "fordampar" ikkje så lett!

I tiåra etter Bø kyrkje vart reist, vart det ikkje gjort så store endringar på kyrkja, korkje inne eller ute. Innvendig var kyrkja lenge umåla med unnatak av søyler og bjelkar i sideveggene og kyrkjebenkane.

OMNAR OG ANDRE UTBETRINGERAR

Men tidleg nittenhundretalet byrja det skje viktige utbetringar. Særleg om vintrane kunne det verte ei kald oppleving å sitje i benkane på preikesundagane, men dei kyrkjesøkjande heldt ut; dei sat tett saman godt kledd i ullklede og gjerne inn-tulla i fleire teppe og skinnfel-lar. Men så - etter førespurnad

til soknestyret frå prest Knut Martin Ihle "om å bevilge det fornødne til anbringelse af ovne" vart Bø kyrkje sommaren og hausten 1902 kitta og måla innvendig og to store omnar kom på plass, og dei står der den dag i dag.

Årsforbruket av koks i Bø kyrkje var 9 hl i tillegg til litt ved. Vinterstid kunne omnane vere raudglødande, og omnpassaren



vandra like andektig rundt i kyrkja som klokkar og prest. Årsgasjen hans var heile 3 kroner!

For dei fleste som sokna til Bø kyrkje, var nok tida i første halvdel av 1900-talet utfordrande og strevsam med verds-krigar og kriser. Likevel skjedde det positive tiltak i og kring kyrkja deira. Kristentrua var grunnfesta i folket, og alt i 1835 skriv O. E. Holck om "Almuens Oplysning" i Lavik prestegjeld: "Det kan neppe være Tvivl underkastet at Almuens hersteds staar i religieis Oplysning paa et ligesaa høit Trin, som de fleste andre Præstegjælde i Norge,....."

Rett nok hadde dei framleis nokre tradisjonar som han ikkje tykte så mykje om, men som var på veg ut:

"Den meget gamle Skik, at tænde Ild i aaben Mark St. Hans Aften, og der holde sig med lystig Dands etc. samt Juleaften og Nytaarsdag at salutere med Skud, tager efterhaanden af og bruges kuns enkeltviis."





Her eit bilete av kyrkjetårnet med inngangsparti slik det er i dag. Her ser ein tydeleg det koparkledde tårnet og skråtakket over inngangsdøra. Vidare syner det at det no i haust pågår vøling av glasa i tårn/våpenbus.

KYRKJELIVET I MELLOMKRIGSTIDA

Av positive tiltak i 1920-åra kan nemnast at tårnet sommaren 1922 var tekt av koparplater; ein reparasjon på 1636,55 kr. Inngangen til kyrkja på vestre side vart også utbetra, og kyrkja vart nymåla (600 kr). Budsjett måtte syast saman der hovudpostane var løn til kyrkjeverje (12 kr), løn til kyrkjetenar (50 kr) og løn til kyrkjesongar (283,75 kr). Elles er det verd å merke seg at aldersheimsaka, truleg reist av helselaget, opptok folk, og i kyrkja var det årlege ofringar til føremålet. Soknerådet var også positive til gjestingar av både predikantar og utanbygds prestar. No var kyrkjebygget i tilfredsstillande stand, men korleis var livet og lagnaden for kyrkjelyden i Bøfjorden? Frå 1922 og utover er det mogleg med inn-syn i noko av det, for det finst ein del arkivmateriale, m.a. møteboka til Bø sokneråd.

"ORGELSAKEN"

Midt på 1920-talet kom "Orgelsaken" opp. Sokneprest Aaberg fekk i oppgåve å forhandle med orgelfabrikant Torkilsen i Trondheim, og "oppta bestilling". Det vart teke opp ofringar til føremålet,

og vedteke at det skulle "an-bringes et mindre orgel for at vække interesse for saken". 5. desember 1926 vart orgelet tinn-ga, og Bendik Lien og Kristian Tveit fekk i oppgåve å ordne galleriet i kyrkja litt for at orgelet skulle få rett plassering. 9. oktober 1927 vart orgelet inn-vigd og teke i bruk. På budsjettet for 1928 var løn til organist og belgtrøar samla 150 kroner. Litt meir "oppstandelse" vart det då organist skulle tilsetjast. Kyrkjesongaren var på denne tid høgt akta, og i Bø kyrkje hadde Olav Førsund denne stillinga. Det vart forhandla med Olav Førsund om ei ordning der han var både organist og



B. S.d. Jnr. 1297
1927

Til
Borgens stiftsamtmenighed

Underkædet søg hermed den
ærede stiftsamtmenighed om tilladelse til at ordne
istand den nødvendige plads for orgel på galleriet
i Bø kirke Hyllestad prestegjeld.

Orgel er bestilt for ca. 6 måneder siden, og
kan ventes færdig i slutten av juni. For den
grund tør jeg be den ærede stiftsamtmenighed om
saa snart muligt, så orgelpladsen kan være gjort
istand til dette kommer.

Højaktelsesfuldt

Bø menighedsråd 30 mai 1927
Bendik Haandel
(form.)
Lurvik i Fogn

kyrkjesongar, men alt i 1929
tykte soknerådet at dette var
"ei ustabil ordning". Nils Tveit
fekk då i oppgåve å snakke
med Laura Tveit om "hun ville
utdanne sig for stillingen". Så
kunne Olav Førsund halde fram
som organist mens "Laura Tveit
var under utdanning. Sangkoret
anmodes om å delta ved guds-
tjenesten. Førsunds eldste sønn
tilsettes som belgrøder."

KVINNER I GEISTLEG TENESTE

Sommaren 1926 kom det skriv
frå Det Kongelige Kirke- og
Undervisningsdepartement
om "det skal åbnes adgang for
kvinner til å ansættes i geist-
lige embede". Saka vart hand-
sama i soknerådet 4. juli 1926
og her fanst ingen nåde: "Bø
menighetsråd ønsker ikke at
der ved lov skal åbnes adgang

for kvinner til å ansættes i
geistlige embede her i riket!"
Avstemmingsresultatet vart
8 mot 1. Berre soknepresten
meinte noko anna: I enkelte
slags prestetjeneste kan det
gives adgang for kvinner." Her

kan nemnast at fru Emma Wolff
ved soknerådsvallet 11. desem-
ber 1927 fekk mest stemmer.
Ho vart korkje leiar eller nest-
leiar, men kasserar.

MÅLSAKA

Målsaka vart også dregen inn
i Bø sokn, og førde til splid
og usemje. Det begynte med å
ha høve til å bruke nynorske
salmar i gudstenesta, og då var
Blix-salmar mest aktuelle. Alt i
1900 vart det høve å bruke des-
se salmane i Fresvik kyrkjelyd.
Fullt så snare i vendinga var
ikkje kyrkjelyden i Bø. Først i
desember 1926 vart det vedteke
at "Ved gudstjenesten kan syn-
ges 2 av Blix-salmer etter pre-
stens eget val."


I august 1928 hadde kyrkje-
lyden prøverøysting om ny
salmebok. Prøverøystinga
gav dette resultatet: Ny Norsk
Salmebok 27 røyster, Revidert
Landstad 16 røyster, Gamle
Landstad 50 røyster. Etter
dette utfallet vart saka utsett.
Bøfjordingane stod absolutt
ikkje i fremste rekkje når det
galdt kampen for landsmå-
let. Like etter ønskte Olav
Førsund å halde foredrag i kyr-
kja om fordelar ved Ny Norsk
Salmebok, men framlegget fall
ikkje i god jord hjå soknerådet
som meinte "det var heldigere
at holde foredraget i skolehu-

Til Bø menighedsråd.

Sidan M. rådet ikke har givet mig tilladelse
søndag solas i kirken i den nye Salmebok, skal
eg med dette sige fra at eg ikke vil holde det
foredraget. Eg kan med det samme sige fra
at Menighedsrådet kan være fuldtvister i at eg
for framtiden skal lade være å gøre eller sige
noko i kirken som ikke er rettelst fastsett.

Lurvik 24 aug. 1928

Olav Førsund



set,, og vil folk etter gudstjenesten sitte 1,5 – 2 timer og høre på foredrag?"

Same haust vart sak om innføring av nynorsk liturgi lufta, men først 14. juli 1929 kom saka opp til avgjerd. Det var 89 som røysta, og av desse gjekk 49 inn for riksmål, 39 for landsmål og ei røyst var blank. Fem år seinare kom saka om nynorsk salmebok og liturgi opp att, og framleis likte eit knapt fleirtal i kyrkjelyden salmetekstar på riksmålet best. 86 personar røysta, og vel halvparten, 44 personar ønskte Landstad. I 1935 kom det skriv frå Departementet om høve til å nytte liturgi på ikkje innført målføre. Soknerådet vedtok då samrøystes å nytte liturgi på landsmålet på konfirmasjonsdagen, 17. mai, olsokdag og ei høgtidspreike. Sommaren 1941 sa Olav Før Sund opp stillinga si fordi han ikkje fekk lese klokkekarbøna på nynorsk, og fordi Blix-salmar ofte var utgløymde. Ingen gav han medhald, og lærar Nornes vart ny klokkekar frå nyåret 1942. Først våren 1942 vart det fleirtal for å nytte Ny Norsk salmebok og liturgi på landsmålet.

DEI VANSKELEGE TRETTIÅRA

Smått og stort var oppe til handsaming i sokneråd og kyrkjelyd i "dei harde trettiåra". 27.12.1929 vart Johan Hilmar Løken ny sokneprest, og i Bø kyrkje vart "lærerinde Gjertine Handal enstemmig innsett som organist" i oktober 1930. Halvar

Førsund var belgtrøar med 15 kroner i løn. Organisten fekk 105 kroner. Ikkje nett noko overbetaling når ein veit at det i snitt var 20 gudstenester for året. I 1932 – 33 vart kyrkja pussa opp både innvendig og utvendig. Kyrkjelyden uttrykte også otte for uroa ute i Europa og engasjerte seg i fredssaka. Dei sa mellom anna at "krig avskaffes som middel til avgjørelse av stridsspørsmål landene i mellem Må fremme fredsvilje efter Jesu ånd og tankegang."

Viktig var det nok også for mange at 04.02.1934 vart det gjort vedtak om at "nadversvinen skulle vere alkoholfri."

KYRKJEBLAD OG KYRKJEBLAD

I november 1938 var Bø kyrkje 70 år. Jubileumsgudstenesta var 2. søndag i advent. Kyrkja var vent pynta der ansvarshavande var "klokkekar Før Sund og hans songkor."

Først etter 70 år kom saka om kyrkjelydsblad opp, og det skulle verte ein realitet frå janu-

ar 1940. Allereie like etter krigsutbrotet i april fekk soknerådet skriv frå Kyrkjedepartementet om sensur av bladet. Dette avviste soknerådet med fylgjande svar " ... heilt igjennom upartisk blad og har som mål å vera talsmann for Guds ord. gjer Kyrkjedepartementet merksam på at bladet ikkje vert sendt til noko politisk parti til sensur." Det er elles skrive lite frå dei første krigsåra; berre at soknerådet engasjerte seg mot ungdomstenesta og handsaminga av biskop Fleicher. Like etter krigen var det ingen store saker som prega livet i kyrkjelyden, men det kan nemnast at kyrkjelyden var sterkt imot å flytta ein del heilagdagane til faste datoar. "Høgvyrdnad" særmerkte desse dagane !

GAMLEHEIMSSAKA

Andre saker som dukka opp tidleg i etterkrigstida var "gamleheimssaka", og soknerådet sitt engasjement mot sal av blad og framsyning av film som er "moralsk mindreverdige og som skader born og ungdom." Berre Norsk Bygdekino fekk tommelen opp. Sokneprest under krigen og åra etter var Peter Furberg. Han er ved fleire høve omtala i Sogeskift frå Hyllestad, og framstår som ein uredd og likandes person. 19. mai 1955 vart det arrangert avskilsfest for han og huslyden. Festen vart leia av Sverre Aas,





*Kan benda det er på tide å få vekk
noko skog?(red.anm.)*

*Bilde til venstre er frå før 1990.
Biletet under er frå 2017.*



og Furberg fekk eit sylvfat i gåve frå kyrkjelyden. 19. juni 1966 takka Olav Bruknapp av som sokneprest med avskilsgudsteneste med solosong av kone og dotter. Her får vi vita at "kyrkjelyden reiste seg og viste si takk soleis."

BØ KYRKJE 100 ÅR

No nærma det seg 100-årsjubileum for Bø kyrkje, og hausten 1968 byrja førebuinga. Soknerådet tok på seg ansvaret for kaffi og mat i Ungdomshuset etter gudstene-
sta. Musikklaget skulle spele ved kyrkja, Solveig Handal synge i Ungdomshuset og Lasse Bråstad skulle skrive prolog. Det framgår også at Hallvard Førstund skulle pynte i kyrkja og Borgny Dale pynte i Ungdomshuset. Alle skulle føle seg velkomne og heime på denne dagen, så Hjordis Hestvik og Martha Bø skulle stå ved døra og helse kvar og ein velkomen.

Dette skjedde altså i 1968, for "berre" 50 år sidan.

FOLKEKYRKJA

Livet i og kring Bø kyrkje dei siste femti år er for mange i Bø sokn godt kjent. Kyrkja har vore ein samlingsstad både i glede og sorg, ein møtestad eller plassen for den som søker stilla eller ønskjer meir forståing for religion eller ønskjer styrke i eiga tru. I dag er kyrkja så mykje meir enn sjølv gudshuset; det har vorte ei folkekyrkje som femner så vidt. Mange bryr seg lite om kyrkja i kvardagen, men når det er snakk om å stenge kyrkjer, kjem reaksjonane: det må ikkje skje! Det er så mange trådar som knyter dei fleste attende til kyrkja, ikkje berre gode eller såre minne, men til dømes dåp, konfirmasjon, bryllaup eller ei grav til foreldre eller vener. Noko i eller ved kyrkja er der som eit merke i alle sitt liv.

Gjennom 150 år har Bø kyrkje vore ein stødig merkestein!

Kjelder:

Th. Aaberg: Kyrkjerne i Hyllestad i gammel og ny tid
Aaraas/Djupedal/Vengen/
Førstund: På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane
Førstund/Nordstrand/Haukøy:
Hyllestad 1861 – 2011 – kommunen og folket
Svend J. Jensen: Bø kyrkje 100 år 29. november
Tidsskrift Historielaget for Sogn, nummer 22; 1968:
O. E. Holck: Forsøg til en Beskrivelse over Ladvig Præstegjæld
Sogeskrift frå Hyllestad 2002; Ingemar Nordstrand:
Kyrkjebyggaren på Hatlem Dokument og protokollar
Fylkesarkivet Sogn og Fjordane



Pretebenken ligg om lag 100 meter sørvest for Bråstad lykt. På grunn av skotstein etter vegbygging og vegutviding på 1950- og 1960-talet er staden vanskeleg tilgjengeleg i dag både frå landsida og sjøsida. Tilhøva var nok betre i dei dagar då kyrkjesøkjande kom roande. Med vind frå sørvest er det nesten umogleg å leggje til lands her, men er vinden på nordleg, austleg eller beint sørleg lei kjem ein lett oppunder land, men no var ikkje båtfolket skvetne før sjølv tunglasta i liten båt utan redningsvestar og registreringsnummer.

Foto: Håkon Haukøy

Pretebenken

På Bråstad, litt utom fyrlykta Gardsneset, ligg ein stad kalla Pretebenken. Staden er som ein liten avsats i fjellet like oppom flodmålet.

Soga fortel at namnet Pretebenken kjem av at det ein gong vart døypt eit barn her. Truleg hende dette medan Bø kyrkje hørde til Eivindvik sokn, og båten med presteskyssen frå kyrkja og båten med dåpsfylgje til kyrkja møttest her på Bråstad.

Dåpsbarnet kom frå Brendsdalen, vert det fortalt, og uvêr gjorde at dei ikkje nådde kyrkja i tide, men barnet var sjukleg, og foreldra engstelege for om det ville overleve. Difor vart barnet, trass tilhøva, døypt her på Pretebenken, og dermed kristna.

Andre fortel om andre årsaker til denne litt uvanlege barnedåpen. Før i tida var det ikkje uvanleg at prestane preikte både tre og fire timar. Men denne gongen hadde presten gått tidlegare av stolen, for han skulle ha preik både i Lavik og Brekke same dagen.

Eit lite uhell gjorde at dåpsfylgje kom seint av garde heimanfrå og møtte presteskyssen ytst i Bøfjorden. No var det for seint å snu. Kyrkja var stengt, og då vart det til at dåpen vart føreteken der ved stranda utom Bråstad, og Pretebenken og barnet fekk namna sine frå denne dagen.

Kyrkja i lokalmiljøet

Hausttakkefest med skipsmodellar

Gudsteneste med hausttakkefest er eit velkjent arrangement mange stader, slik også i Hyllestad. Då blir gjerne bondekvinnelag – der dei finst – engasjerte og deltek med pynting, kyrkjekaffi osv. slik vi også har gjort det i Bø. Ofte blir born med i prosesjon der dei ber inn "markens grøde" brød, frukt og grønnsaker, og så blir dette delt ut til kyrkjejengarane ved slutten av gudstenesta. Ei fin markering der vi takkar Gud for at vi endå eit år får nyte maten som jorda gjev.

Blant dei som krinsar til Bø kyrkje er det heldigvis fortsatt nokre som dyrkar jorda og har det som næring, men endå fleire får sitt utkomme frå aktiviteten på Havyard og er heilt avhengig av den for å skaffe sitt daglege brød.

Med det som bakgrunn feira vi, hausten 2004, hausttakkefest med ein ny vri i Bø kyrkje. Same våren hadde vi bispevisitas i Hyllestad med bedriftsbesøk på Havyard. Verftet var inne i ein tung periode med store permitteringar. Det var stillstand i dokken. Det var sjølvst tema i samtalen. Vi snakka også om vi kunne gjere noko saman for å knyte band mellom bedrift og kyrkja i lokalmiljøet. På hausten vart dette følgd opp. Verftet hadde då nyleg fått

ny kontrakt og det var lysning i tunnelen – eit stort takkeemne. Vi vart einige om å arrangere hausttakkefest med fokus på verftet. Søndag 24. oktober stilte arbeidarar på Havyard opp og bar ein skipsmodell inn i kyrkja og dåverande teknisk direktør Tor Leif Mongstad orienterte om utsiktene og aktiviteten på verftet. Og så la vi verftet og aktiviteten der fram for Gud i takk og bøn. Etter gudstenesta vart kyrkjelyden inviterte til kyrkjekaffi på verftet. Der vart det også omvisning og meir orientering om aktiviteten. Dette er eitt av dei mange gode minna eg ber med meg frå arbeidet i Bø kyrkje der kyrkja fekk vise at den er oppteken av og bryr seg om folket og lokalsamfunnet.

Fleire år seinare har eg, av arbeidarar på verftet, blitt minna om at det i ettertid har vore



samanhengande aktivitet heilt til krise i oljenæringa gav ein nedtur nyleg. Heldigvis er utsiktene lysare igjen, ikkje minst på grunn av gode tilsette og verftet si omstillingsevne.

Karl Hjelmeland





Bø kyrkje 150 år

Frå riksvegen ser me Bø kyrkje ligge vakkert til ved fjorden i Bøgrenda. Hit har folk kome landevegen og sjøvegen i generasjonar før oss. Dei har kome i glede og sorg. Bø kyrkje har for så mange femna om livet frå fødsel til grav.

No er Bø kyrkje 150 år gammal. Og seks av desse vart oss til del.

Det intime kyrkjerommet i Bø kyrkje er fortsatt på netthinna. Når vi kom inn så vart vi møtt av eit konglomerat av fargar. Dei som ein gong utsmykka Bø kyrkje må ha hatt frodig og kreativ fargesans. Midt i skipet var det ei staseleg lysekrone med levande lys. Og ved austveggen og sørsideveggen var det kakkelovnar som ikkje lenger er i bruk, men som minner om tida då kyrkjetenaren måtte stå grytidleg opp om sun-

dagsmorgonen for å fyre. Ole Agnar minnest morgonsola som helsa inn gjennom korvindauga då gudstenesta skulle ta til.

Kyrkjerommet i Bø minner om alle dei vi møtte: kjernekyrkjelyden på sundags føremiddag, den større kyrkjelyden på høgtidsdagar og ved gravferder.

Dei vi fekk samarbeide med av tilsette og frivilljuge.

Eit sterkt minne var det å kome standsmessig til Bø kyrkje med hest og karjol saman med prost, ordførar og lensmann. For vi feira 150 års jubileum også i 2011. Jubileum for at Hyllestad vart eige prestegjeld. Kyrkjelyden var kledd i stakk og skaut, i dress og hatt og helsa øvrigheita som dei gjorde i gammal tid. Prost og sokneprest stilte med prestekrage og samarie. Mange av dei eldre kjende seg att i liturgi frå gam-

mal altarbok og nynorsk salmebok, 1925 salmebok. Vi tok tilbakeblikk og feira historisk gudsteneste.

No tek vi på nytt eit tilbakeblikk og eit framoverblikk. Endå står Bø kyrkje på den gamle kyrkjestaden der det har vore kyrkjesidan sidan 1300 talet. Veggene fortel si historie om dei som kom og gjekk her, om deira tankar og det dei bar med seg. Framme i koret står ei altertavle med motiv frå Tiedemanns Christi oppstandelse. Ho fortel budskapet som har vore kyrkja sin budskap gjennom alle tider: «Kristus er oppstanden»

Takk for at vi fekk vere ein del av Bø kyrkje si historie. Gratulere med jubileet.

Signe Marie og Ole Agnar.

Barne- og ungdomsarbeid i Leirvik

Kari var sjølv med på søndagsskule då ho var lita, og fekk gjennom oppveksten inn at ho skulle jobbe for kristendommen. Det første ho då starta med var Yngres, trus-opplæring for ungdom frå 13 år og oppover. Yngres heldt til på "gamle skulen" i Leirvik, i tillegg til Bø kyrkje vart brukt som lokale då medlemmane deltok på ulike gudstenester, og ungdomshuset til ulike arrangement. Nokre gongar kom det folk utanfrå for å halde andakt, medan andre gongar var yngres på heimebesøk hjå Kari. Ellers deltok nokon på leir på Fagernes, Alværa, Skilbrei Ungdomssenter og Nesholmen i Hyen.

Seinare vart Yngres endra til Onsdagsklubb, der forskjellen var at endå yngre barn kunne få vere med. Kari fortel at i ein periode var foreldra med barna sine på klubben, og dei dreiv med ulike handverksaktivitetar saman. Ellers var Onsdagsklubben mykje det same som Yngres.

Så kjem vi til det eg sjølv kjenner Kari frå, nemlig Tysdagsklubben. Då eg var omtrent 5 år gamal, vart eg med på klubben. Dette var noko eg hadde gledd meg til, fordi eg visste at vener og naboar av meg som var eldre, deltok òg likte seg godt.

Tysdagsklubben heldt til på loftet på "gamle skulen" i Leirvik, der eg gjekk i barnehage. Vi som deltok var i frå 4-5år og oppover. Det eg hugsar best frå desse tysdagane er samhaldet mellom oss barn som deltok, og dei koslege vaksne. Vi hadde det så kjekt saman, med blant anna leikar, song og andre aktivitetar. Eg hugsar å sjå opp til dei eldre, fordi dei fekk vere medhjelparar, og eg gledde meg til å sjølv skulle få hjelpe til og dele ut klistemerker som belønning, og andre praktiske oppgåver.

Kari minnest tida som sosial, kjekk, og deltakarane kom igjen år etter år. Ho likte godt å vere saman med borna og ungdommane, og visste at det var trong for noko kristeleg arbeid her. Dette var drivkrafta til å halde på i over 50 år.

I tillegg til å få trus-opplæring, lærde vi om samhald, samarbeid, å arbeide praktisk, snakke framfor andre, utfordre seg og å vere kreativ. Det er kjekt å tenke tilbake på denne tida, og eg hugsar at eg vart lei meg, då tysdagsklubben vart avslutta før eg vart stor nok til å vere med som medhjelpar.

I dag har vi felles trus-opplæring for ungdom på



I 1958 vart Yngres starta opp, ei trus-opplæring for ungdom på 13 år og oppover. "Gamle skulen" i Leirvik vart nytta som lokale. Kari Wolff var med då Yngres starta opp, og har, sidan det, drive med ungdomsarbeid i imponerende 54 år. Då Yngres starta opp, var ho aleine som leiar. Kari fortel at ho då berre var 21år gamal, og hadde nett gått eitt år på ein kristen folkehøgskule på Solvang, der ho lærte mykje om, og dreiv med ungdomsarbeid.)

Hyllestad. Der samlast ungdommar annankvar fredag på Solution Ungdomskveld. Dette er eit sosialt og kjekt tilbod for ungdommar i konfirmasjonsalder (9.klasse), og oppover.

Ein gong i året arrangerer ungdomsklubben Soution Hyllestad, i samarbeid med Solution Askøy ein leir på Hyllestad, kalla Basecamp. Eg kjenner meg heldig som får vere med å drive ungdomsklubben på Hyllestad, fordi vi har eit så godt fellesskap der, og alle er velkomne! Eg vil at andre skal få kjenne på den kjensla som eg fekk då eg var med på tysdagsklubben, og elles i eit kristent fellesskap.

Mari Dale Salbu

Klypp frå eldre kyrkjeblad

Dei hadde annonser den gongen og, her er nokre glimt ☺

Kjøp såpe

før det er for seint
Godt utvalg.

Trygve Systad

Bø helselag

Har sykeleieartikler til utlån
hos:

Karl Wolff, Leirvik

Ingebrigt Nes, Løland

Orlaug Sognnes, Sognnes

(sept/1940)

På fest

som bondekvinnelaget hadde
i Bø kom inn kr.68, og på fest
som Bø ungdomslag og Bø arbeidarungdomslag skipa kom
inn kr.350 til Finnland. Lat oss
få melding om kva som kjem
inn på festane. (nr.1/40)

Bø kirkeklokke

I det jeg i sin tid skrev om kirke-
kene, var det litt om Bø kirke-
klokke som ved et mistak ble
utelatt: Klokken er av bronse,
0,55 i tverrmål, 0,47 m høy,
er uten innskrift eller merke, ..
Den har vakker klang og skal



være gammel. Det fortelles det
sagn om at den en gang skulle
overflyttes til Brekke. Noen sier
det var til Lavik – Hvordan det
i tilfelle har hengt sammen, er
ikke godt å si. Det kunne vere
dom for soknegjeld eller en el-
ler annen potentat hadde gitt
kjennelse for det. Det kostet
utrolig besvær å få klokken
ned, og ennå tyngre gikk det
å få den fra kirken til båten.
Det var nesten uråd å få den av
flekken. Og da de endelig had-
de den om bord og langt om
lenge var kommet ut til «Hanen»
uti fjorden, ville båten synke
under føttene på dem. De måtte
ilsomt snu, og da gikk det mest
som av seg selv tilbake, og det
gikk som en lek å få den til-
bake igjen.

Det sagnet vil lære oss er vyr-
nad for arven fra fedrene og for
det gamle, men evig unge bud-
skapet som klokken kunngjør.
Det er «ikke bare alminnelig»
malm i kirkeklokken, det er
noe som er «forenet med Guds
ord». Og den som en gang har
lyet seg til «Himmelriks klok-
ker» en søndagsmorgen, sakner
siden kraft i hender og føtter
når det spørres om å yte med-
virkning til å få bragt dem til
taushet.

Til lykke med kyrkjebladet, og
hjertelig hilsen til alle gamle
venner og kirkegjengere i Bø,
Hyllestad og Øn!

Thor Aaberg
(nr.1/40)

Takk og helsing frå Bolette Rysjedal

I 1954, finn vi eit innhaldsrikt
stykke frå ei dame som heiter
Bolette Rysjedal. Ho var fødd i
Trælevikja og tok ei diakonal
utdanning i Bergen. Fleire sta-
der står det om gaver ho har
gjeve., mellom anna veggteppe,

golvteppe, og også ein bokopp-
sats for alterbøker. Vi siterer:
Til Bø menighet!

..»nu ser jeg fra avisen at Bø
kirke har fødselsdag 29.novem-
ber, så denne lille gave får bli
både julepresang og bursdags-
presang. I denne kirke er jeg
døpt og konfirmert. Fra denne
kirke ble det oppsendt mange
forbønner for meg i de mange
år jeg lå syk... da sykdommen
hadde tatt både fysiske og sje-
lelige krefter, så blev det van-
skelig for meg å ta prøvelsen
slik som jeg burde. Jeg sukket
ofte til Gud om jeg noen gang
kunne få lov å hjelpe slike li-
dende mennesker som ingen
friske kan forstå. Dette har jeg
fått lov til, - til å vise forståelse,
trøst og oppmuntring til lidene
og fattige.

Jeg var glad i sommer jeg fikk
se min fødebygd igjen, muli-
gens for siste gang. Var glad å
få hilse på min lille kirke. Jeg
fæstet mit blikk på alterfoten
der jeg en gang lå på kne og
lovet forsakelse og tro. Etterpå
gikk jeg rundt kirken og da la
jeg merke til noe jeg aldri har
lagt merke til før. Jeg merket
meg at den lille kirke er byg-
get på en klippe, ikke på en løs
sandgrunn, men en fast stein-
grunn. Jeg falt i tanker, tenkte
på om vi har vår åndelige kirke
bygget på klippen Kristus.
Kirken er Guds hus, det sted
som hans ord forkynnes er hel-
ligt. Den tolv års gamle Herre
Jesus svarte sin bekymrede
far og mor dette: Hvorfor le-
ter dere etter mig? Visste dere
ikke at jeg måtte være i min
Fars hus? Senere møter vi den
Herre Jesus med sin Myndighet,
der han refset noen i sitt folk
fordi de hadde tatt tempelet
til å kjøpe og selge i. Det var
Guds hus. Derav forstår vi at alt
i hans hus må være behandlet
med renhet. Værn om kirken

både innvendig og ute på kirkegården hvor de døde skal hvile. Til slutt ber jeg om at de ikke må forsmå min lille gave. Å ikke misforstå min enfoldige og ringe hilsen, og tilgi meg for min ufullkommenhet.

Hjertelig hilsen s.

Bolette Rysjedal

(febr. 1954)

Bispevisitasen i Hyllestad – ei rik oppleving for kyrkjelydane

Den vart halden 24.-27. april. .. laurdag var det gudsteneste i Bø kyrkja. Prosten heldt preika., biskopen tala etterpå. Også her var det samla mykje folk. Bø sokneråd baud på middag og kaffi etterpå i hotellet i Leirvik for ca. 20 middagsgjester. Sondag var det avslutning med visitasgudsteneste i Hyllestad kyrkje. Kyrkja var så og seie fullsett også denne gongen. Og det var møtt fram folk frå Bø og Øn sokn. Biskopen heldt ei sers god preike med ein personleg appell om å vende om og tru på Jesus Kristus. Det var elles song av Hyllestad songkor. I samband med visitasmeldinga peika biskopen på nattverdsøknaden, og oppmoda å gå oftare til nattverd. Soknepresten bar fram takk til biskop og prost for det dei hadde gitt kyrkjelydande åndeleg kveik og fornying.. (Pinsenummer 1958)

Orlaug Sognnes

Den eldste kvinna i Hyllestad, og truleg ei av dei eldste på Vestlandet, døydde i sin heim 21/11 på Sognnes, i ei alder av nær 104 år – Orlaug Sognnes, som var fødd i Lifjorden i Hyllestad i 1859, kom i 1891 til den veglause Sognnesgarden ved innlauget til Sognefjorden, og vart gift med Ivar Sognnes. Men i 1911 miste ho mannen, og ho sat att åleine med garden og 5 born.



Orlaug Sognnes 100 år og Oldebarnet, Ingunn Sognnes 3år, i potetåkeren.

Åra som fylgde var harde og slitsame, Men med ei sterk helse og ei lys livstru, gjekk det utruleg godt.

Like opp i sin høge alderdom fekk ho ha den lukke å eiga helse og livsmot. Like til det siste var ho fallfør og åndsfrisk og fylgde levande med i alt, ikkje minst på det kristelege området der ho hadde sine største interesser- Ho vart gravlagd frå heimen fredag 29/11, og fekk sin siste kvilestad på Bø kyrkjegard. (Julenummer 1963)

Frå kyrkjelivet

Ny alterduk i Bø kyrkje

Det er særst fint og verdfullt arbeid i hardangersaum. Særst

takk til dei anonyme gjevarane...

(S.J.J. Svend J. Jensen – oktober 1967)

I Bø kyrkje

Er det mykje som gled oss... alltid reint og velstelt. Dette har kyrkjetenaren Heggebø, og kona hans og kyrkjeveren stor ære for... Kyrkjegaren er fin, han ligg som ein velstelt hage med rik bløming av roser og andre blomar. Vi trur at folket veit å sette pris på dette. Førstund gartneri i Leirvik har gjeve oss eit stort tilbud: Til kvar gudsteneste gjev dei blomar på alteret. Det er særst vakre blomar vi har fått frå dei...



100-årsjubileet for Bø kyrkje – jubileumsgudsteneste laurdag 28.sept. 1968 kl.14

Dette var og i samband med bispevisitas, og Leirvik skulekorps spela. Også der hadde Førsund gartneri pynta kyrkja. I referatet frå jubileet skriv sokneprest Jensen: «Ein fin ide var at Bø sokneråd etterpå sytte for å senda alle desse blomane i mindre bukettar som ei helsing til gamle og sjuke som ikkje hadde høve til å vere med ved høgtida i kyrkja.»

(Nov.des.1968)

Løland Bedehus

Som sokna til Bø sokn, har hatt ein god el aktivitet.

Vi saksar dette frå eit kyrkjeblad på 70-talet:

Sundag 23.oktober hadde Bedehusforeninga for Løland bedehus-basar. Det var eit framifrå fint resultat. Det kom inn kr. 5947,- Pengane går til Bedehuset.

(Nyttårsnummer 1977-78)

Høyreapparat i Bø kyrkje

Til høyreapparat i Bø kyrkje er kome inn..... samla sum er kr.11.342,. Ein vil be alle i Bø sokn og andre glade gjevarar å samlast om ei lita eller stor gåve. Det er ikkje noko stor oppgåve å skaffe nok pengar til høyreapparat, slik at det vil stå ferdig i Bø kyrkje i næraste framtid.

Kasserar eller gåvemotakar er Carl Wolff
(1/1981)

Eitt-åring i Ytre Sogn

Sogn Indremisjon har tilsett Hildebjørg Djupvik som «eitt-åring» her hos oss. Hennar arbeid vert i hovudsak blant ungdom. Slik som Yngres, søndagssule, barnekor/lag mm. (Så står det litt om økonomien og kor ein kan sende si gåve). Underteikna: Ivar Systad
(nr.4/1984)

I 1994 står det å lese om to «eittåringar» : Lill Malme frå Molde og Elin Systad frå Lavikdal. Dei to hadde gått på bibelskulen Bildøy ilag.
(nr.2/1994)

Stemningsfullt i Bø kyrkje julaftan

Minst like viktig som kvit jul, gåver og god mat, er samkoma i kyrkja julaftan. Dei mange som var møtte fram i Bø kyrkje, fekk ei stemningsfull stund, og hadde mange lovord om denne juleandakten som soknerådet hadde lukkast få til.

Frå byrjinga av fekk organiserten, Magne Åsnes, kyrkjelyden med på glad og fager song av kjende og kjære julesalmar. Ei oppleving var det også å høyre elevar frå 4., 5. og 6.klasse på Hylestad synge songar frå julekantaten «Den store kongen» av Mons L. Takle, og dirigent var Magne Åsnes.

Bjarte Urnes las juleevangeliet og heldt andakt, ein andakt mange vil hugse. Vi er alle glade for at Bjarte ville vere oss til hjelp ved dette høvet.

Juletonar frå Hyllestad musikk-lag er også vortne ein tradisjon i kyrkja julaftan, og med sitt spel og sine melodiar er Musikklaget med på å forkynne julebodskapen og gje julefeiringa eit rett innhald. Og dirigent var Magne Åsnes.

Det vart teke opp offer, og om lag 1800 kr kom inn til Nordisk Barnebibelaksjon «Ny start i Øst». Leiar i Bø sokneråd, Ingeborg Ness Systad, avslutta med å ønskje kyrkjelyden «god jul», og retta ei varm takk til dei som hadde gjort sitt til for å få til denne stunda. Då kyrkjelyden gjekk ut til tonane av «Stille Nacht», spela av Hyllestad musikk-lag, ringde kyrkjekokkene inn til ei fredfull julehelg i grendene våre.

H.H. (Håkon Haukøy- 1/1991)

Onsdagsklubben i Leirvik

I Leirvik har det starta opp onsdagsklubb fordelt på aldersgrupper, frå 4 år til og med 2.klasse, og den andre gruppa for 3.-6. klasse. Første gong var 7. september, med godt frammøte, 15 på yngste og 13 på eldste gruppa. Leiarar her er: Sigrun Handal, Kari Wolff, Kjellfrid Engedal, Oddrun Urnes, Signe Systad, Steinar Urnes, Arnhild Aven og Ingunn Sognnes. I tillegg er eittåringane Lill Malme og Elin Systad med på kvar si gruppe.
(nr.2/1994)

Toril Lange på vitjing i Bø kyrkje

I fjor sommar drog Toril Lange frå Høyanger ut som misjonær til Mali, utsend av Det Norske Misjonsselskap. Bø sokneråd vedtok då å ha kontakt med Toril, og støtte det arbeid ho er engasjert i ..

I sommar var Toril heime på ferie, og søndag 2.juli var vi så heldige å få vitjing av henne i Bø kyrkje. Ho kunne då fortelje at ho dette året hadde hatt ein svært liten klasse: berre ein elev.. Toril fortalde at ho, utanom skulen, er med i ei strikke – og bibelgruppe. På grunn av at ho ikkje kan språket er det vanskeleg å snakke, men «fingerspråket» er godt å ty til. Toril bad om forbøn for misjonstenesta i Mali
K.H. (2/1995)

Ringeanlegg i Bø kyrkje

Fekk ein ei stor gåve på 129.000 kr på 1990-talet, sidan anlegget kosta 115.000 kr. hadde ein noko til overs. Dette fortel leiaren i soknerådet, Steinar Urnes, til kyrkjelydsbladet
(3/1995)

”...elles eit gildt og framifraa tidig brudlaup”

Tilrettelagt av Håkon Haukøy

På årsmøtet til Hyllestad Sogelag i mars i år hadde Ivar Sognnes programinnslag. Med utgangspunkt i eit brev svigerinna til brura hadde skrive, fekk vi høyra om bryllaupet til foreldra på Sognnes i desember 1918, ei heilt spesiell soge. Andreas Benoni Myrstad var prest i Hyllestad på denne tida. Fleire har bede oss prenta brevet. Det har vi fått løyve til, og her følgjer nøyaktig avskrift av brevet:

Kolgrov den 26/12 - 1918 Kjære Brita !

Tusun takk for baade brevet og pakken som du hev havdt so mykje bal med, eg kann inkje takka deg nokk fordi du gjorde meg denne tenista. Det var i god behold alt saman. Eg skulle ha skrive til jol, men eg hadde det so travilt at det laut vera med eit kort. Ja, no hev eg tura brydlaup og; det var paa Sognnes. Ragna og Lasse hadde brudlaup no fyre jol. Dei skulle



Ivar Sognnes er ein framifrå sogeforteljar og skribent. Alle med interesse for lokal kultur og historie likar å høyre han fortelje. Men som vi ser, er han også ein trottig slåttekar heime på garden. Foto: Aslak Åm Sognnes



Lasse I. Sognnes (1891 – 1960) gift i 1918 med Ragna Imalie Risnes (1891 – 1979). Dei var gardbrukarar på bruk 3 1920 – 1956. Bryllaupet deira vart uvanleg hendingsrikt. Foto: Eigar Ivar Sognnes

ha vore vigde i Bø kyrkja men veret var so fælt at det var inkje tale um aa koma fram og so reiste dei til Hyllestad. Ein gut vart sende i fyrevegen aa telefonere i Bøfjord til presten at han matte koma til Hyllestad for det leid so langt at presten var reist til Bø. So kom me oss vel og bra til Hyllestad, og daa me hadde pynta bruri, kom klokkaeren og han tok til å setja upp ljøs ikring for det var begyndt aa verta myrkt og Østen på Monsgjære hadde det traviltmed aa leggje i omnane. Daa kom det telefonbesked at presten var komen i brudlaupsgarden. Du kan skyna at me sat som me hadde mist baade munn og mæle. So var det daa aa riva avbruri aa taka paa heimvegen, og paa restenkom me daa so langt at me at me fekk koma oss umbord i motoren att for det var motor me hadde. Men so skal du høyra: daa me var kome eit liti stykkje ute paa fjorden, slo motoren klikk so laag me der og dreiv eit par timar for vind og ver og til aa hava segl upp var inkje tale um berre for storm men so fekk me kara oss upp under bui til Ludvig i Straumen og so fekk me laana ei lykt so mykje dei fekk maskina i stand at. So gjekk det godt eit liti bil. So gjekk det skit at og daa var

det inkje tale um aa faa det til at, sø maatte me i land og so var det aa taka føtene fat men det var just inkji noko gildt. Det var ein times gange i mørker og storm og myrar og so var det berre gjeiteveg . Det var just inkje berre paa føtene me gjekk. Men me kom daa godt og vel heimat alle saman til slutt og det faar me vera glade for. Heime hadde det vore graat og tænders gnisel like fraa me reiste og til me kom at som ventande var. Dei vart vigde heime same kvelden. Ingen kan minnst at slikt har hendt fyre. Det var akkurat som dei inkje sku koma i lag. Daa dei hadde vore til Bergen og kjøpt til brudlaupet vart dei sjuke baae og ho hadde so nær raake til og no daa dei endeleg skulle halda brudlaup so vart det akkurat som dei gjorde gøymespel med presten. Tenk i lagt i tvo kyrkjer og endaa maatte verta vigd heime. Det vart so mykje lenger fyre presten fekk greida paa noko at han hadde vorte redd det hadde hendt eitkvart og so hadde han lagt ut markene til Sognnes . Daa sat me på Hyllestad og venta. Me får vona at dei vert so mykje meir lukkelege no etterpaa. Elles var det eit framifraa gildt og tidig brudlaup.



Straumsneset ved Lистраumen var ein av stoppeplassane for bryllaupsfolket denne desemberlaurdagen i 1918. Her budde Ludvik i Straumen. Han kom frå Haugane på Risnes, og kjøpte Straumsneset i 1883. Gift med Margrete, d. 1926. Ludvik flytta til Eivindvik. Foto: Frå Fylkesarkivet.

20 år med Heim-Skule-Kyrkje-veke

Av Per Bygnes

Kvar haust i åra frå 1978 til 1997 vart det gjennom 4 dagar skipa til ei desentralisert HSK-veke i Hyllestad i samarbeid med skulane, sokneråda og andre medarrangørar

Ideen hadde vi i Hyllestad fått frå Hornindal, der kateket Jon Ytrehorn var sentral i eit Heim-Skule-Kyrkje-vekeopplegg. Idegrunnlaget fann ein i dåverande føremålsparagraf i skulelova, der det heitte: «Grunnskolen skal i forståing og samarbeid med heimen hjelpe til med å gje elevane ei kristen og moralsk oppseding, utvikle deira evner, åndeleg og kroppsleg, og gje dei god allmennkunnskap så dei kan bli gagnlege og sjølv-stendige menneske i heim og samfunn.» Etter framlegg frå skulerådet gjorde Hyllestad skulestyre 13.2.78 vedtak om å gå inn for ei Heim-Skule-Kyrkje-veke, med ei eiga nemnd til å ta på seg oppgåva med å leia føretaket. I «Heim og Skule» nr. 3/78 vart



Sokneprest Åsmund Heggheim deler ut «Mi Kyrkjebok» i Bø kyrkje under HSK-veka 1983. (Foto: pb)

den første nemnda presentert slik: «Kari Wolff (Sigrun Handal), Oddveig Hovden (Hans Nøtsund), Johannes Ryland (Barbra Stegedal), soknepresten (Audun Øvreås), skulesjefen (rektor ved Hyllestad ungdomsskule).» Sokneprest Åsmund Heggheim vart vald til formann, skule-sjefen skulle vera sekretær. Astrid Waage gjekk på som formann frå og med HSK-veka 1985. Gjennom dei 20 åra vart det nokre byte av nemndmedlemer elles.

PROGRAMOPPLEGGET

Hyllestad skulestyre stod som utgjevar av «Heim og Skule», det eldste skule-bladet i Sogn og Fjordane. Septemberutgåva av bladet 1978 presenterte det første programoversynet. Fredag 6.10. skulle det vera Foreldretreff i Hyllestad ungdomsskule. Laurdag 7.10. Leiarsamling på føremiddag med utstilling av hjelpebøker til barne- og ungdomsarbeid. Same dag Generasjonstreff kl. 19.00 både i Leirvik skule og Sørbovåg bedehus. Søndag 8.10. var det Gudsteneste i Hyllestad kyrkje og Konfirmantfest på Åfjorddalen skule om kvelden. Måndag 9.10. Lærarsamling på kveldstid med Arne Løkken som innleiar om «Morgonsamlinga i skulen.» Morgonsamling ved ein eller fleire skular vart forresten faste innslag i HSK-veka frå og med 1982, frå 1991 også ved barnehagane.

FASTE INNSLAG OG ENDRINGAR

Faste innslag gjennom alle åra var gudstenesta på søndag føremiddag og konfirmantfesten på søndag ettermiddag.



«Fest på kjerka» i Sørbovåg bedehus 6.10.84. Vi kjenner i alle fall att Stein Oltedal og Bjarne Nordbø. (Foto: pb)

Konfirmantane til våren vart inviterte saman med foreldra til ein triveleg kveld med servering. Det påfylgjande konfirmantkullet hjalp til med det praktiske opplegget. Under konfirmantfesten 1981 deltok skuledirektør Olav Åm med kåseri og kona Eldbjørg med song.

Eitt eller eit par generasjonstreff på laurdagen i veka var faste innslag alle 20 åra. Ein eigen vri vart det 1984, då eit arrangement på Sørbøvåg be- dehus laurdagskvelden vart kalla «Fest på kjerka», med sjømannsprest Stein Oltedal i hovudrolla – med lysbilete frå Dubai. Under generasjonstreff i Skifjord skule 23.9.90 gjorde dåverande skulesjef Leif Lundgren i Gaular stor lukke med skuggebilete av fuglar på kvitt lerret. Mangt ein kan nytta hand og fingrar til !

Dei opne drøftingsmøta på fredagskveldane, gjerne kalla «foreldretreff», fekk etter kvart liten oppslutnad. HSK-vekenemnda valde då å setja opp musikkprogram den veke- dagen. Fredag 30.9.83 vart det då bede inn til «Kyrkjelyden syng/kyrkjekonsert» i Øn kyrkje – med Cantus, Skifjord og



Irene Bekken deltok med song under konserten i Bø kyrkje 26.9.97. Ved pianoet sat Tony Rozendaal. (Foto:pb)

Øen skulemusikk-korps - og Hyllestad Trekkspelklubb, etter at klubben hadde deltatt på eit trekkspelkurs veka føråt under leiarskap av Jørgen Sagevik. Repertoaret deira fekk stor applaus. Andakten same kvelden var ved Åsmund Heggheim. 24.9.93 fekk frammøtte i Ønakerkyrkja ei flott musikkalsk oppleving. Anna og Boris Kuprijanov frå høvesvis Kviterussland og Russland stod føre eit rikt musikkprogram. På den tida var dei tilsette i musikklivet i Askvoll.

treff i Leirvik skule 24.9.94 med det høgst aktuelle temaet «Familien i fokus». Same året vart det arrangert kyrkjekonsert i Øn kyrkje med Hyllestad musikklag, Fjordklang og gitaristen Øyvind Lyslo.

Her skal også nemnast at den sjølvlærde organisten i Hyllestad-kyrkjene dei første åra vi hadde HSK-veke – Egil Ramstad – alltid stod til teneste, og tok seg fram på mopeden sin til dei ulike oppdraga, sjølv om ikkje veret alltid var det beste.



Egil Ramstad ved orgelet. Han stod til teneste dei første åra med HSK-veke. (Foto: pb)

AKTØRAR OG AKTUELLE TEMA

Asbjørn Hirsch frå IKO (Institutt for Kristen Oppseding) var den første innhenta kåsør og føredragshaldar – med temaer «Barnets århundre?», «Menighetens ansvar for de døde» og «Trenger vi hverandre». Eitt av Jon Ytrehorn sine emne under HSK-veka 1979 var «Å leva med ein tenåring i huset».

Den nye presten i Hyllestad frå 1.8.15, Audun Systad, var aktør på generasjonstreffet og konfirmantfesten i 1983, på ei tid då han gjorde feltprestteneste på Heistadmoen.

Prost i Ytre Sogn prosti, Geir Sørbø, deltok på generasjon-

MEDARRANGØRAR

Dei tre sokneråda, skulane og, etter kvart barnehagane, var naturlege med-arrangørar. Vi kan elles ta eit lite utval av andre som HSK-vekenemnda søkte samarbeid med: Dalane yngres, Folkeakademiet Hyllestad, IKO, Leirvik foreldreråd, Lifjorden sundagsskule, Rikskonsertane, Skifjord husmorlag, Åfjorddalen sundagsskule.

ØKONOMIEN I HSK-VEKA

Kort sagt – den låg utafor skulebudsjettet. Veka gjennom 20 år gjekk for eigen maskin. I tillegg til ofringa under gudstene- sta på sundagane kom det til nokre inntekter elles. Etter at alle rekningar var betalte,

heldt nemnda eit oppsummeringsmøte utpå hausten og fann fram til overskotet, som så vart fordelt, etter nemnda sitt skjøn, på medarrangørane.

SISTE HEIM-SKULE-KYRKJE-VEKA

Den 20. HSK-veka vart halden i dagane 26.-29.9.1997. Fredagskvelden var det Syng med oss/Kyrkjekonsert i Bø kyrkje, med Erling Akse, Tony Rozendaal og Irene Bekken – og andakt ved prost Geir Sørbø. Laurdagen starta med barnesamling i Øen skule. Kl. 15.00 var det «Temakveld» ved Hyllestad skule. Arrangementet var eit dobbeltjubileum: Både for 20. gong med HSK-veke i Hyllestad og 20-årsmarkering for innsamlingsaksjonen Nødhjelp 77, som hadde starta offisielt i Hyllestad 30.10.77. Til temakvelden møtte Kirkens Nødhjelp opp med Oumar Poudiougou frå Mali og tolken hans, Sturle Litland. Sjølv snakka Oumar dei to Mali-språka, bambara og dogon. Eit interes-

8

HEIM OG SKULE

Heim – skule – kyrkje-veka 1997

HSK-veka 1997 var den 20. i rekkja sidan 1978. Det var også 20 år sidan Hyllestad var startplassen for Nødhjelp 77. Dobbelmarkeringa var på temasamlinga i Hyllestad skule 27.9.. Innafor temaet «Ansvar for mine medmenneske heime og ute» deltok Gunnar Kartveit og Oumar Poudiougou (Mali) frå Kirkens Nødhjelp, med tidlegare KN-arbeidar Sture Litland som tolk.

Elles i HSK-veka var det kyrkjekonsert og gudsteneste i Bø kyrkje, gudsteneste i Hyllestad kyrkje, konfirmantfest i Hyllestad skule og morgonsamling ved Leirvik og Øen skular. «Kjempebra» var attendemeldinga frå rektor ved Leirvik skule.

HSK-veka -97 var samordna med prostesisitasen, og prost Geir Sørbø medverka på fleire av arrangementa.



sant besøk frå ein ørkenstat til vestlandskysten.

Den siste HSK-veka slutta av med gudsteneste både i Bø og Hyllestad samt konfirmantfest kl. 16.00 på sundagen og morgonsamlingar på måndagen 29.9.

Ein kan spørja kvifor det vart slutt på dette tiltaket etter 20 år. Ulike grunnar, men ei årsak kan ha vore at skulestart for 6-åringar, med byggeprosjekt m.m., hadde ført til ein god del meirarbeid ved skulekontoret. Triveleg så lenge det varde.

Vonar at einkvan i Hyllestad kan ha gode minne etter 20 år med Heim-skule-Kyrkje-veke. Vil einkvan sjå nærare på tilboda i HSK-veka gjennom dei 20 åra, enn dei utplukka døma som her er føreteckne, vil ein kunna søkja hjelp i dei innbundne «Heim og Skule»-bøkene på Hyllestad folkebibliotek. Augustnummera av skulebladet inneheldt programmet for veka gjennom dei 20 åra.

Kjelde:

«Heim og Skule» 1978-1997.

Historia om sjømannsforeininga

Kan ein lese om i kyrkjeblad (nr.4 /2000). Randi Handal skriv om denne foreininga som tok til kring 1910. Det var Sofie Lien, som budde i Lia som starta den. Ho samla alle jentungane frå 7-8-årsalderen i grenda (Handal, Lonebotn, Lia, Haukaas, Løvaas og Leirvik.) Sofie hadde foreiningsmøta i heimen sin, der dei samlast annankvar veke. Borna hadde mat med seg, og så fekk dei kakao attåt, hjå henne. Dei fleste kunne styre strikkepinnar og heklenål og ho hjalp dei med handarbeidet

Dei hadde opplesing og song,. Jentene held fram å vere med i foreininga etter at dei vart konfirmerte, og var ivrige å sende julepakkar til sjøfolk.

Området for foreininga vart seinare utvida, slik at Foss, Bø og Heggebø vart med. På biletet i 2000 er det ein fin flokk på 11 samla hjå «Ruth i Myra».

Der er og bilete frå foreningstur til Oppedalstølen. Kvart år pleidde dei å ha ei utflykt.

Foreininga har vore aktiv til det siste.



Forening hjå "Ruth i Myra"



Som avslutning på foreningssesongen bar det gjerne vorte skipa til ein fjelltur, eller ein tur med buss eller båt. Her er foreningen samla på Oppedalstølen

Bispevisitas 2004

Frå bygdene her i Hyllestad kom materialet til dei store krossane. Folk utanfrå kom og sa korleis dei skulle sjå ut. Men virket kom for ein stor del frå bygdene her hjå dykk. Like nord for oss står steinen i Korssund. Syd i Gulen står steinane nær tingstaden. Her hjå dykk finn vi krossane på den gamle kyrkjegarden. . Nokre står uskadde på den gamle kyrkjegarden, men det er og

eksempel på krossar som vart vraka. Som menneksa hogg på stein, slik sliper Herren på menneska sjølv.... Bispevisitasen er og eit slikt slipingsarbeid, der biskopen som Guds handverkar pussar på kyrkjelyden. Vi ser ikkje etter krossar til heilage stader. Vi ser etter menneske som alt er krossmerkte, men som treng vølast på. Innimellom er det dei som er heilt sundbrotne.

Herren samlar særleg på slike, han er meister i å setje dei istand att. Biskopen vil og stå i dette store vølingsarbeidet. Det er ikkje noko vakrare å sjå i ei gammal krosssteinsbygd enn krossmerkte menneske som er istandsette og heile.

(Biskop Ole D. Hagesæther – utdrag frå visitasforedraget i Hyllestad kyrkje 25.april 2004)



Lys vaken i BØ kyrkje



Over 500 kyrkjelydar i heile landet inviterte 11-12åringar til Lys Vaken – adventsnatt i kyrkja 29-30. nov. Bø kyrkje var staden for «Lys vaken» arrangementet i Hyllestad. I løpet av nokre timar fekk dei bli kjent med kyrkja, ete taco, lage englar, øve til gudstenesta, spele, ha kveldsbøn, tenne lys og prøve å sove i kyrkja.

Lys Vaken tyder ikkje at dei skulle vere vakne heile natta, likevel var mange ein del vakne fordi det var vanskeleg å sove. Men Lys Vaken minner oss om at vi alle skal vere lys vaken for Gud, for kvarandre og for oss sjølv. Adventsnatta vart avslutta med Lys Vaken gudsteneste i Bø kyrkje. (nr. 4-2008)

Intervju med trusopplæringsmedarbeidaren Toril Lange

Kva er ein kyrkjelydspedagog eller trusopplæringsmedarbeidar?

Eg skal ha fokus på trusopplæring for born og unge. Eg skal vere med å lage ein systematisk og samnhangande plan for trusopplæringa og skal legge til rette for at tiltaka kan gjennomførast.

Kvifor satsar så mange kyrkjelydar på trusopplæring?

Fordi over 40000 born vert døypte kvart år, og ved døypefonten vert det sagt at dei som ber fram borna har eit ansvar saman med kyrkjelyden at barnet/den døypte kan verta verande hjå Kristus når det veks opp, liksom det ved dåpen vert sameint med han. Tidlegare skjedde mykje av denne opplæringa i skulen. No er det foreldre og fadrar saman med kyrkjelyden som er ansvarleg. Stortinget har difor løyvd pengar til trusopplæring – ein viss kronesum for kvar døypt mellom 0-18 år- i følge planen 315 timar trusopplæring i løpet av desse 18 åra.

Er det noko innanfor trusopplæringa som du særleg brenn for?

Trusopplæring er eit samarbeidsprosjekt mellom foreldre, uløna medarbeidar, sokneråd og tilsette i kyrkja. Planen hei-



ter : Gud gir – Vi deler. Vi skal dele med kvarandre. Alle har noko å gje. Alle har noko å dele...

Tenk om vi kan fylle kyrkjene med born og unge, og la dei oppleve og erfare at dei høyrer til i kyrkja. Målet med trusopplæringa er at born og unge i Hyllestad må få hjelp til å leve ut trua og bli kjent med Jesus. Eit skriftord du vil setje over tenesta i Hyllestad og Høyanger? Då eg reiste til Mali fekk eg ei helsing med velsigninga. Den tok eg ofte fram. Det ordet vil

eg setje over tenesta mi her. Jfr, slutten på kvar gudsteneste:

Herren velsigne deg og vare deg! Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig! Herren løfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred.»

4. Mos. 6,24-27

(nr.3-2010 – ved Toril Lange sin oppstart som kyrkjelydspedagog i Hyllestad)



Bø-krossen

– det eldste kjende kulturminne på Bø kyrkjegard

Denne krossen er av bergarten glimmerskifer, med svak, grønleg farge, samme som i Indrefjorden, der det har vore hogge ut kistelokk. Granatglimmerskiferen rundt Åfjorden er ein annan bergart. Krossen låg som fyllmasse i kyrkjegardsmuren, rett framfor hovudinngangen til kyrkja, og

vart funnen under eit arbeid kring 1960. Krossen har hatt ein sentral plass i eit hjørne av kyrkjegarden, slik som på gamle Hyllestad kyrkjegard. Forskarane reknar med at steinkrossane på Vestlandet vart reiste i kristningstida, kring år 900 til 1000 e. Kr. (nr. 2/2009)



Historisk gudsteneste i Bø kyrkje – i samband med kommunejubileet 2011

Søndag 11. september var ca.100 kyrkjegjengarar samla til gudsteneste i Bø kyrkje. Det var ei fargerik og velkledd forsamling. Mange hadde funne fram gamle klede frå loft og kjellar og kledd seg som i gamle dagar. Me feira 150-års jubileum for prestegjeld og kommune og tedde oss slik dei gjorde på ei gudsteneste i eldre tid.

Lensmann, ordførar, prost og sokneprest, kom som seg "hør og bør" standsmessig til kyrkje i hest og karjol . Kusk og hestekar var innleigde frå Lavikdal. .På kyrkjeakaia stod kaivakta for å ta imot soknebarna som skulle kome sjøvegen. Dårleg vær gjorde imidlertid til at sjøvegen var lite farandes.

Inne i kyrkja var det mannfolk- og kvinne-side og "øvrighetta" hadde funne seg plass på fyrste benk. Prost og sokneprest hadde kledd seg i gammal presteskrud; svart samarie og prestekrage. Prosten heldt preika og soknepresten forretta med liturgi frå 1920. Håkon Giiil hadde funne fram gamle stev, "Balsam" stod for korsongen og det vart god salmesong frå Landstad si reviderte salmebok.

Etter som gudstenesta gjekk mot slutten begynte også været å lette. Me kunne gå ut på kyrkjebakken for å møte kjensfolk og spørje nytt. Bygdekvinnelag og pensjonistlaga hadde stelt til kyrkjekaffi på beste måte med servering frå tiner og skrin. Ordføraren helsa til slutt kyrkjelyden frå kyrkjetrappa.

Takk til alle som var med og gjorde denne gudstenesta til ei minnerik gudsteneste. Særleg takk til frivilligsentralen som medarrangør.



Intervju med forfattar og dramatikar

Norvald Tveit

I eit årsspenn på 150 år er det utruleg mange som har funne vegen til kyrkja, og har minne derifrå. Nokre var der jamnt, andre meir sporadisk. Nokre søkte til kyrkja ved særskilte hendingar, men veldig mange ber på minner og tankar om dette særmerkte huset.

Ein som mest alle kjenner, både i Bøfjorden og langt utover Noregs land, er Norvald Tveit. Norvalden har skrive mange bøker og fått sett opp ei rekkje skodespel på teatera rundt om. Han er kjent for sitt friske språk, og ikkje sjeldan kan kyrkja sine representantar bli utfordra. Samstundes er der ofte tale om Vårherre, og bibelsitat er heller ikkje langt unna. Dette har vi i kyrkjeblad, og ikkje minst ved eit kyrkjejubileum, lyst å høyre meir om. Så vi tek turen opp til Norvald, der han no, i sitt 91.år bur i omsorgsbustad tilknytta Eiklund i Sørbøvåg.

Kyrkja hadde ein viktig sosial funksjon

«Eg var mykje i kyrkja i barndommen», minnest Norvald. «Fosterfar Nils var ein fast kyrkjegjengar, og ofte Østina, forstermor mi, sjølv om ho var heime ein del og laga middag. Mange på Tveita var i kyrkja. Der var mykje folk på den tida. Som regel rodde vi over fjorden, og det kunne vere hardt, når det blæs opp. Eg hugsar og begravelsar, og ein gong måtte dei snu, det gjekk ikkje komme over fjorden.» Norvald har ein respekt når han talar om kyrkjegongen, om gudstenestene med folk i alle aldrar, også om ungdommen som var der. Rett nok kunne det nokre gonger bli lenge, men treffet ute på kyrkjebakken, og den sosiale funksjonen



som kyrkjegongen hadde, var rett og slett kjekt!

Ting tar tid

I si siste bok «På reservetanken» (Selja Forlag 2017), fortel Norvald om livet: «Eg har budd mykje her i Tveitsbakkane ifrå den dagen dei kom roande med meg over fjorden for 89 år sidan. Småbruket vårt var berg og ufsar og kleivar og nokre småkuperte bakkar og flater.» Han fortel og om korleis det var å få vite at mor hans berre var 13 år då han var fødd, og kva det gjorde med han som ung gut i dei dagar. Han hadde det godt hos fosterforeldra sine på Tveita. Det var ein stad der kyrkje og kristendom stod høgt, samstundes som han sjølv, etter kvart såg meir av dei til tider for strenge og pietisi-

tiske utslag som det ein del stader kunne bere med seg. Dette har komme fram i bøkene og diktinga hans, slik det og til dømes har gjort hos Jakob Sande. Når vi utfordrar Norvald på det beste kristendommen har gjeve oss, så svarar han slik: «Kristendommen har prega oss i 2000 år på godt og vondt. Det meste vi har av kultur er prega av kristendom. Både malarar og skribentar må ofte forståast ut frå denne kulturen». Norvald gledde seg over å skrive stykke om lekpredikanten Matias Orheim, eit stykke som gjekk rundt om i mange av kyrkjene her i fylket. Han hadde ingen vanskar med å leve seg inn i forkynninga til Orheim, og å tolke den. Sjølv vil han nøye seg med å seie om innhaldet i kristen tru,



Konsert med Doug Anderson i Hyllestad kyrkje

Laurdag den 24. november får vi besøk av Doug Anderson frå Indiana USA. Vi er svært glad for å ha fått han til å starte sin Norges turne, her hjå oss i Hyllestad, før han reiser vidare til Lindås, Karmøy og Sørlandet, for ein 10 dagar turné i Norge. Doug Anderson er for mange kjent frå gruppa Ernie Haas & Signature Sound, og har ei rekke gangar vore med på Bill og Gloria Gaither sine Homecoming konsertar. Dei siste åra har han veksla mellom solo karriere og konsertar med trioen Cana`s Voice. På konserten i Hyllestad vil det bli alt frå gospel songar, til meir country inspirert materiale og vi får også høyre litt av hans julepertuar. Dette er ein konsert som du absolutt bør få med deg i førjulstida, billettpris kr. 200,- og konserten startar kl. 19. – Vi satsar på ei fullsett Hyllestad kyrkje denne laurdagskvelden.

Jostein Ryland



at «det er noko der» I Leirvika sa han til somme når han skulle ut med båten sin, og dei var litt bekymra for han av ymse grunnar: «Eg har Vårherre som autopilot».

Når vi sit og samtalar med Norvalden er ikkje den særmerkte låtten langt unna. Vi har mykje å samtale om; arbeidet hans som lærar der underteikna rett nok ikkje hadde han, men kjenner til mange artige historier frå denne delen av livet hans.

Turar til «det heilage landet»

Noko spesielt var det og å komme inn på at Norvald har hatt mange turar til Israel, og dei bibelske stadane der, både Getsemane, Oljeberget og Golgata. Han likte seg i Gamlebyen i Jerusalem, sitje ved ein kafé nær Damaskusporten og snakke med beduinar og andre. Han tykkjer det midt i ufred og sterke hendingar er noko ved Jerusalem som er veldig spesielt. Norvald er åndsfrisk og klar,

midt i ein del fysiske utfordringar. Likevel får han enno køyre bil, og følgjer elles med i det som skjer. «Ja, i haust kjem eg med ei ny bok», seier han. «Den er om livet til eit ektepar som var omreisande splint, og som eg hugsar godt.» Norvald har alltid vore interesserte i menneske og deira lagnad. Vi takkar han for praten, for kaffikoppen, og ei innhaldsrik stund. Dette vart eit lite glimt i jubileumsutgåva. A.S.

Øn kyrkje 60 år

Elen Rinde, busett i Sørbøvåg, er eit namn som ein finn ofte att i kyrkjeblada frå slutten av 50-talet og utover. Ho skreiv mange innhaldsrike dikt og andakter. Til vigslinga av Øn kyrkje i 1958, skreiv ho dette: Ved kyrkjevigsla i Øn 15.juni 1958

Tone: Alene Gud i Himmelryk

*Treenig Gud sign oss i dag
Og denne nye kyrkja,
Og kvar eingong vi kjem ilag
Gjev ljøs og liv og styrke!
Lat anden fylla dette hus,
So audmjuk bøn og lovsongs
brus
Til deg vår Gud kan stiga*

*O, Jesus krist, vi priser deg
Som frelste oss av våde
Og opna for oss himmelveg
Gav barnereitt og nåde.
Å, lat det dyre livsens ord
Få lyda kring den heile jord
Til frelsa, liv og sæla
(August 1958)*

Nykyrkja vart innvigd 15. juni 1958. Det var ein nydeleg sommarlag, bisp Indrebø møtte, prosten og prestane i prostiet, framsmøtte frå heile kommunen med båt frå Hyllestad. Bygda flagga, og mange ville eller måtte sitje ute. Høgtalaranlegg frå Andreas Sørestrand frå Lavikdalen var leigd inn. Det var middag for dei innbedne i bedehuset, mat elles for dei framsmøtte i ungdomshuset. Og seinare var det nattverdsgudstene. I kyrkja er det i dag folk som og var med då. Av dei som var aktivt med i arbeidet, ser eg berre Haldor Bjørnstad, som var med då kyrkjeklokka vart heisa på plass, og i tillegg køyrde det meste av mursteinen frå kaia til byggjeplassen. Det var ein gledens dag, men med eit trist og vanskeleg bak-



teppe. Fyrst må nemnast brannen – 24. november 1940. Folk strøymde til, men kyrkjeverja hadde gløymt lykjelen og nekta framsmøtte å hogge opp døra, gjere skade på Guds hus. Alt det vakre interiøret strauk med, noko kunne venteleg vore berga.

Så må folkerøystinga 20. juli 1941 nemnast, 168 for Øn, 156 for Sørbøvågen. I januar 1942 førelåg den departementale stadfestinga av byggjestaden. Men sterke krefter arbeidde for plasseringa på Sørbøvågen. Det vart ny folkerøysting 15. mai 1947 – 157 for Øn og 272 for Sørbøvågen. Fri tomt frå Johanna Sørbø var venteleg ei av fleire medverkande årsaker. Kyrkja var teikna av arkitekt Halvorsen, rangsnudd med tårnet i aust, ogm som fylgje av det preikestolen på venstre sida. Dette medførte ein ekstra runde i departementet før godkjenninga låg føre. Argumentasjonen frå arkitekten, med sterk vekt på tomta, landskapet og naturen gav gjennomslag. Kyrkja er etter

tilhøva stor med kring 300 sitjeplassar.

Det drog ut med oppstarten. Finansieringa var problemet, men i 1956 vart grunnarbeidet sett i gang for innsamla midlar. Ein hadde då fått 35 000 i gaver frå kyrkjelyden, (i 1958 var summen kr 46 629). Trygdesummen hadde vakse til 80 000, og tilskotet frå kommunen var kr 90 000. Finansieringa av innreiingsarbeidet måtte vente til seinare. Kyrkjelyden garanterte for banklån stort kr 30 000. Ein for oss ufatteleg dugnadsinnsats og gjevarvilje vart utvist. 1000 kr i gåve førekom, ei god årsinntekt i midten av femtiåra kunne vere rundt kr 10 000. Kunstsmid Berg frå Møhlenpris med ei kone som hadde slekt på Åsmul, gav ei lysekrone og fekk betalt for ei. Foreiningar gav altarsylvet, verdi kr 5000, det same som orgelet vart kjøpt inn for. Organist Aamodt, rådgjevar for orgelkjøp, hadde rådd til og medverka til innkjøpet av det utskifta orgelet i Arna kyrkje, bygd 1911, og bytt ut fordi

det var for lite. Dette viste seg å vere eit svært godt val. Høyanger kommune bygde til dømes kyrkje med sterk støtte frå NACO, og dei hadde råd til å kjøpe nytt orgel. For ei tid sidan måtte soknet byte dette ut med eit godt, gammalt, brukt kvalitetsorgel.

Organist Erling Akse har fått korrigerert feilopplysningar om orgelet, slik dei ligg føre i oppslagsverk, og delt desse med meg. Rette opplysningar er at dette er eit Olsen og Jørgensen orgel med 8 stemmer og traktur, bygd i 1911 i god kvalitet, noko som etter domorganist Aamodt si meining tilsa at det kunne tene kyrkjelyden i generasjonar.

Interiøret vart arbeidd av Skifjord trevarefabrikk, solid handverk av beste kvalitet. Bernhard Vassenden, Olav Myklebust og Olav Eide er namn som må nemnast. Målarmeister Atterås frå Hyllestad og med slekt i Øn, valde fargane og var fagleg ansvarleg for målararbeidet – ein meister av den gode, gamle skulen, framleis med i alle høve ein elev som bur i i bygda. Dåpsfonten, brurestolane, lesepulten, den fine lysestaken i stein, lysgloben og no sist kyrkjeskipet med det bibelske namnet Debora – alt har kome til etter kvart. Skipet er bygd av musikkprofessor Konrad Mikal Øhrn i Kristiansand, som

har røter frå Øn. Dei fyrste åra etter 1958 var plassen ute annleis, han er no utfylt og større enn før. Flomlysa kom i 1972 – då var det igjen dugnadsinnsats. Kjell Stene, då ung elektrikar, har fortalt meg om dugnadsarbeidet, kvinnene sytte for mat til dugnadsfolket.

Så har det gått 60 år. Mykje kunne vore nemnt, mange har

ytt sin innsats og kunne vore nemnde her. Bedehuset var interimskyrkje i 18 år. Sjølv høyrde eg til siste konfirmantane i interimskyrkja. Det fyrste kullet i den nye Øna-kyrkja var vart behørig fotograferte. Det hadde elles ikkje alltid vore tilfelle. Sørbovågen, 10. juni 2018

Håkon S. Gjøll.





Margun og Konrad Øhrn er gjevarar av det vakre kyrkjeskipet som no så fint er komme på plass til konfirmasjonsgudste-

nesta i Øn kyrkje 29.april 2018. Konrad har eigenhendig bygt skipet. Det var eit fint innslag i gudstenesta, då Konrad spela



piano, og broren hans Gordon song ved gudstenesta denne søndagen. Brødreparet har djupe røter i bygda.

Ungdomsklubben SOLUTION hausten 2018.

Ungdomsklubben Solution startar opp igjen med samlingar annakvar fredag frå 24. august.

Vi møtast i Hyllestad kyrkje kl. 19.00 og held på til ca. kl. 22.00. Klubben si primære målgruppe er ungdommar frå 13 til 18 år, men du er sjølvsagt hjarteleg velkommen om du er over 18 år også. Vi har det svært kjekt i lag, og eit normalt fredagsprogram består i:

- ✚ Samlingsstund
- ✚ Lovsong og musikk
- ✚ Andakt og vitnesbyrd
- ✚ Leik, spel og konkurransar
- ✚ Servering av «fredags-snacks»



Alle samlingar vert annonsert via facebook sida vår «Ungdomsklubb Solution Hyllestad» og ulike oppslag. Om det er nokon som treng hjelp til å komme seg til Hyllestad fredag kveld så kan dei ta kontakt via Facebook gruppa eller på sms direkte til Jostein (99281401) eller Kirsten (91644829), så gjer vi kva vi kan for å hjelpe dykk med skyss fram og tilbake.

Velkommen



Styret:

Karine Strandos / Veslemøy G. Ryland / Gina Bjørnstad / Adrianne L. Akse / Mari D Salbu / Madeleine Aase



Jostein Ryland
Soknerådsleiar

Vi minner om kyrkjelydsbasaren

Tradisjonen tru, vert det kyrkjelydsbasar i Hyllestad kyrkje. I år har vi diverre kome i skade for å rote det litt til, med omsyn til datoar. Difor har ein no sett ny dato for kyrkjelydsbasar til **sundag 28.oktober kl.15:00**. Intekta frå basaren går til barne og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Vonar mange tek turen til Hyllestad kyrkje den dagen og soleis er med å skapa god basarstemning☺



Takk til HAVYARD GROUP ASA og BJØRGVIN BISPEDØMME

Vi ynskjer å takke Havyard Group ASA v. verftet i Leirvik, for støtte kr. 5.000,- til drift av ungdomsklubben i kyrkja. Vi er veldig glade for at vår lokale hjørnesteinsverksemd slik syner at ungdoms arbeidet i kyrkja er viktig for heile lokalsamfunnet. Og vi ynskjer også å takke Bjørgvin Bispedømme som også i år har støtta ungdomsklubben Solution og det årlege Base Camp arrangementet med samla kr. 20.000,-. Vi har også fleire enkeltpersonar som støttar opp om både ungdomsklubb og Base Camp arr., utan deira gjevarglede hadde vi ikkje nådd dit vi er i dag. Også stor takk til dei som står på med den årlege basaren der inntekta går til det samla barne og ungdomsarbeidet i kyrkja.

Jostein Ryland
Soknerådsleiar



**Det er ingen
selvfølge at
noen ordner
bursdagsgave**

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send **VIPPS** til **13130** (valgfritt beløp)

Send **SMS "BK VENN"** til **2210** (kr. 100)



Glede og sorg

Døyppte:

Øn: Magnus Gjervik Inderøy
Pernille Avedal Ulvik

Døde:

Hyllestad:

Else Brynhild Berge	f.1925
Brita Dale	f.1935
Bjarne Johan Akse	f.1946

Bø:

Signe Årnes	f.1915
-------------	--------

Øn:

Nancy Gunvor Bygstad	f.1933
Leif Martinus Kvallestad	f.1928
Erna Sellevoll	f.1938
Kjell Audun Hatlem	f.1953

Sunnfjord Gravferdsbyrå



*Vi vil på beste måte hjelpe dykk som parvande,
med alt som høyrer ei verdig gravferd til.*

Blomsterterget A/S - Dale Senter - 6943 Dale i Sunnfjord
Telefon 57 73 98 00 - Mobil 975 21 569 - Telefaks 57 73 98 01

Vi tek sikte på å fylla minst
ei heil side i kvart nr. (3 nr pr
år) med annonser til fylgjande
prisar:

Visittkortannonse

3 innrykk pr. år: kr. 2.100,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 1.800,- pr. år

Dobbel visittkortannonse,

3 innrykk pr. år: kr. 3.900,- pr. år
2 innrykk pr. år: kr. 3.200,- pr. år

ÅM SOGNES BYGDESERVICE



PARK/HAGE

- Sommarvedlikehald
- Nyetablering
- Retting, flytting, og oppsetting av gravminner

STEIN

- Beleggingsstein • Kantstein • Gråsteinsmuring

LANDBRUK

- Handtering av husdyrgjødsel
- Graving



6953 Leirvik i Sogn tlf:959 43 735 www.aamsognes.no



Treng du elektricar,
kontakt oss på tlf. 57 78 89 00



Lat oss realisere din bustaddraum!

RYLAND BYGG AS



Vi tilbyr: Hus og Hytter frå Bygghmann / Eigen prosjekteringsteneste / Byggeleiing og Prosjektleiing
Kontakt oss på: Tlf.: 992 81 401 / www.rylandbygg.no / firmapost@rylandbygg.no

Velkommen til kyrkje

Oppdatert gudstenesteliste/kalender

finn de til ei kvar tid på vår heimeside:

www.hyllestad.kyrkja.no og på facebook

21. okt:	Bø kl.11:00	Takkoffer Kirkens Bymisjon (TV-aksjonen dette året)
24. okt (Onsdag):	Hyllestad kl.19:30	Songgudsteneste. Bønevandring. Takkoffer sjømannskyrkja
28. okt:	Hyllestad kl.15:00	Kyrkjelydsbasar m. opningsandakt.
4. nov: (Helgem.sd.)	Hyllestad kl.16:00	Vi minnst dei døde i minnst dei døde . Takkoffer kyrkjelydsarbeidet
11. nov:	Øn kl. 11:00	Takkoffer misjonsprosjekt Mali
18. nov:	Hyllestad kl.11:00	Lys Vaken. Takkoffer trusopplæringa-
24. nov (laurdag):	Hyllestad kl. 19:00	Konsert med Doug Anderson

Bispevisitas 27.nov- 2.des.:


27. nov.(tysdag):	Hyllestad kl. 19:00	Kulturkveld m. ymse innslag
29. nov. (torsdag)	Bø kyrkje kl.18:00	Songgudsteneste – 150 årsjubileum for kyrkja under bispevisitas. Kyrjekaffe. Biskop Nordhaug. Takkoffer misjonsprosjekt Mali
2. des:	Øn kl.11:00	Visitasgudsteneste. Biskop H.Nordhaug, prost,.spr. AS trusoppl., Fjordklang m.fl. Takkoffer til trusopplæringsarbeidet
9. des:	Hyllestad kl.19:00	Lysmesse med konf. Takkoffer Alværa misjonssenter
16. des:	Eiklund omsorgssenter kl.11:30 Øn kyrkje kl.19:00	Julekonsert m. andakt
24. des:	Øn kl.14:00 Bø kl.16:00	Takkoffer Kirkens Nødhjelp Takkoffer Kirkens Nødhjelp
25.des:	Hyllestad kl.12:00	Takkoffer misjonsprosjekt Mali
31. des:	Hyllestad kl. 15:00	Gudsteneste ved årsskiftet. Takkoffer Åpne Dører

INFORMASJON

B

Returadresse.
Kyrkjekontoret
Kommunehuset
6957 Hyllestad

NORGE



Kontaktinformasjon for kyrkja i Hyllestad

Kyrkjekontoret har telefonetid tysdag og torsdag kl 10.00-15.00
Telefon: 57 78 85 65, evt. 975 83 290

Felles postkasse: post@hyllestad.kyrkja.no

For anna adresseinfo sjå: www.hyllestad.kyrkja.no

Bankkonto driftskonto: 3837.15.51619

Bankkonto barne og ungd.arbeid: 3705.30.96396

KYRKJEKONTORET:

Dagleg leiari/kyrkjeverje: Irene Fløde

E-post: irene.flode@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 992 38 420

Kyrkjeseekretær: Aslak Åm Sognnes

E-post: aslak.sognnes@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 975 83 290

Sokneprest: Audun Systad

E-post: audun.systad@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 971 55 237

Kontortid tysdag 10.00-14.00 (om ikkje tenesta hindrar)

Elles tilgjengeleg etter avtale.

I KYRKJENE:

Organist Erling Akse - Privattelefon: 57 78 86 45

Kyrkjetenar / klokkar Gunvor Insteffjord - Privattelefon: 57 78 88 03

UTADRETTA STILLINGAR:

Kyrkjelydspedagog Toril Lange

E-post: toril.lange@hyllestad.kyrkja.no - Mobiltelefon: 922 40 966

HYLLESTAD SOKNERÅD:

Soknerådsleiar Jostein Ryland - Mobiltelefon: 992 81 401

KYRKJEBLADET FOR HYLLESTAD

Bladpengar: Innanbygds kr 250,- pr år / Utanbygds kr 300,- pr år.

Bankkonto: 3705.01.58455

Utgjevar: Hyllestad sokneråd

Redaksjon: Aslak Åm Sognnes og Audun Systad

Trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as



Møt kyrkja i Hyllestad på Facebook

Hald deg oppdatert på det som skjer i kyrkjelyden – Lik Kyrkja i Hyllestad på Facebook!

Hyllestad sokneråd 2015 – 2019

Faste medlemer:

Jostein Ryland
Unni Systaddal
Marion Olga Brendehaug
Liv Kristine Solheim
Steinar Urnes
Brit Inger Skaar

Varamedlemer:

1. Odd Takle
2. Reidun Skår
3. Joakim Systaddal
4. Rune Risnes
5. Olaug Brendsdal



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjekontoret formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid.

Ta gjerne kontakt på tlf. 57 78 85 65/975 83 290 !

E-post: post@hyllestad.kyrkja.no